



# **Sandøy kommune**

**-under høg himmel med vid horisont**



## **Årsmelding 2018**

# Innhold

Årsberetning .....	3
1.1 Rådmannens kommentar .....	3
1.2 Pliktige opplysninger ihht. Kommuneloven § 48 .....	4
Mål for Sandøy kommune .....	6
Intensjonsavtalen for Nye Ålesund .....	7
Organisering .....	8
2.1 Politisk organisasjon .....	8
2.2 Administrasjon .....	8
Folkevalde .....	10
3.1 Aktivitet 2018 .....	10
Samfunnsutvikling .....	11
4.1 Folketalsutvikling .....	11
4.2 Busetting og butrend .....	14
4.3 Bærekraft og regional utvikling .....	14
4.2 Nærings- og sysselsetting .....	16
Felles prioriterte område .....	20
5.1 Folkehelse .....	20
5.2 Barn og unge .....	20
5.3 Nye Ålesund .....	21
5.4 Medverknad .....	22
5.5 Sandøytunet .....	23
5.6 Kompetanse og rekruttering .....	23
5.7 Andre område .....	24
Økonomi .....	25
6.1 Driftsrekneskap .....	25
6.2 Investeringsrekneskap .....	27
6.3 Økonomiske nøkkeltal .....	28
Kommunal verksemد .....	32
7.1 Arbeidsgivar .....	32
7.2 Folkevalde styringsorgan og fellesstørnester – sentraladministrasjon .....	34
Legetenesta .....	37
Integrering .....	40
7.2 Oppvekst og kultur .....	43
Administrasjon .....	43
Undervisning .....	44
Vaksenopplæring .....	50
Barnehage .....	52
Kultur og frivilligheit .....	57
7.3 NAV, rus og sosiale teneste .....	63
7.4 Helse- og omsorgsteneste .....	67
7.5 Teknisk teneste .....	72

# Årsberetning

## 1.1 Rådmannens kommentar

Den største hendinga for lokalsamfunnet i 2018 var nok då fylkestinget i Møre og Romsdal gjorde endeleg vedtak om å byggje Nordøyvegen. No blir utfordringa å få ut gevinstane av denne store satsinga.

Det var ein nedgang i folketalet på 25 personar frå 2017 til 2018, frå 1263 til 1238. Folketalet auka med 17 personar frå 2016 til 2017, medan det var ein nedgang også i 2016. Det er framleis grunn til å ha fokus på kva som må til for å auke folketalet. Sentralt er mellom anna arbeid, barnehage, bustader, kommunikasjonar og kultur- og fritidstilbod.

Kommunereforma har også i 2018 vore det største prosjektet i kommunen. I 2018, som i 2017 og 2016, vart det derfor brukt mykje ressursar på kommunereformarbeidet, i første rekke i form av deltaking frå tilsette og politikarar. Samarbeid og møte styrkar felleskap og tillit, men det er framleis ei utfordring å drifte dagens kommune godt og samtidig utvikle ein ny kommune.

Eitt av dei sentrale måla i intensjonsavtalen for nye Ålesund er at dei kommunale tenestene og dermed arbeidsplassane skal vere nær brukarane samtidig som tilsette blir del av eit større familjø med spesialiserte tenester tilgjengeleg. Kommunedelsutval og innbyggjartorg skal sikre nærliek for innbyggjarane og samskaping med frivillige, næringslivet m.fl. Dette er nyskapande og kan få ei sentral rolle for vidare utvikling av lokalsamfunnet.

Grensejusteringa vart avklart i 2018. Ona, Sandøya, Seterøya og Gåsøya blir verande i kommunen, medan Orta, Lyngværet og Flatflæsa går over til Aukra kommune.

Polititenesta i Sandøy vart endra frå 1. april 2018 då kommunen vart del av Nordre Sunnmøre lensmannsdistrikt. Det positive innanfor det området er at Sandøy kommune er blant kommunar i fylket med lågast del melde lovbro i forhold til folketalet.

Det har vore arbeidd med mange prosjekt i kommunen. Sentralt er Sandøytunet som skal romme både omsorgstenester, helsetenster og kommunehusfunksjonar. Tilsette på rådhuset og kjøkken flytta inn i løpet av 2018. Nærmiljøkafeen vart opna opp for innbyggjarane og vil kunne bli ein sentral møteplass framover.

Eldrerådet og rådet for likestilling av funksjonshemma har vore opptatt av å få på plass frivilligsentral. I 2018 vart det gitt politisk klarsignal for etablering.

Resultatet for 2018 viste eit mindreforbruk på 0,54 mill. kroner (mot 3,4 mill. kroner i 2017 og 4,3 mill i 2016). Einingane har samla sett mindreforbruk som tidlegare, medan budsjettområde skatt, finans og rammetilskot har mindreinntekter på om lag 2,46 mill. kroner. Havbruksfondet gav ekstra tilføring av midlar i 2018.



Arbeidsmiljøundersøkinga i 2017, som vart fulgt opp i 2018, viste at det var høg mestring og høge jobbkra. Det er mange som gjer ein stor innsats for å sikre innbyggjarane gode tenester. Rekruttering er ei utfordring særleg innan helse og omsorg.

Tilstanden samla sett er på mange måtar god. Dette er eit godt utgangspunkt for lokalsamfunnet når ein er på veg inn i ein ny større kommune. Sandøy er eit lite samfunn med store ressursar når alle bidrar. Ei stor takk til tilsette, tillitsvalde, politikarar og andre for mykje godt arbeid og samarbeid for kommunen i 2018.

Harøy 1.4.2019  
Anny Sønderland  
Rådmann

## 1.2 Pliktige opplysningar ihht. Kommuneloven § 48

### **Etikk**

Sandøy kommune har [etiske retningslinjer](#) for folkevalde og tilsette som vart vedteke i 2013. Desse skal hjelpe til større forståing og openheit og bidra til å hindre uetiske handlingar og kritikkverdige forhold. Retningslinene ligg på heimesida og blir teke opp på leiarmøte og personalmøte.

### **Internkontroll og betryggande kontroll**

Ein sentral del av styringa er å sikre at verksemda blir driven i tråd med mål og rammer. Internkontroll skal sikre at det ikkje skjer avvik på vesentlege område. Kravet om internkontroll er forankra i kommunelova og ulike særlover. Mange kommunar har dei siste åra teke i bruk elektroniske kvalitetssystem. Det viser seg at det tar tid å få dette på plass. Dette gjeld også for Sandøy kommune. Det var tidlegare gjort vedtak om å innføre nytt kvalitetssystem etter kvalitetssystemet IKKS. Dette er ikkje gjennomført. Det blir arbeidd med å halde IKKS tilstrekkeleg ajour fram til nytt system i Nye Ålesund. Dette skulle gjerne hatt høgare prioritet i 2018.

Vi har internkontrollhandtering i Famac. Systemet følgjer opp brannberedskap, uteområde/leikeplassar og bygningar. Avik blir meldt gjennom Famac. Tilsynsrapportar og interne tilsynsrutinar ligg i systemet.

Innan økonomiområdet er det faste rutinar og avstemmingar for å sikre økonomisk kontroll. Det blir rapportert jamnleg til politiske organ både på økonomien og drifta til kommunen.

Alle einingane gjer ei risikovurdering i økonomiplan/budsjett. Dette skal omfatta både kvalitet, økonomi m.m. I 2018 var det mellom anna fokus på kommunereforma som tek mykje ressursar, og som dermed kan gå utover andre oppgåver som også burde prioriterast.

### **Likestilling – diskriminering**

Offentleg myndigheter skal arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremme likestilling og hindre diskriminering på grunn av kjønn, etnisitet og nedsatt funksjonsevne m.m. Dette gjeld for kommunen som arbeidsgivar i eiga verksemd, og innan kommunens virkefelt. Det skal gjeraste greie for den faktiske tilstanden og rapporterast på planlagte og gjennomførte tiltak.

Det går fram av [likestillings- og diskrimineringsloven](#) at likestilling betyr likeverd, like mulegheiter og like rettigheiter.

Sandøy kommune har eit fleirtal av kvinner i leiande stillingar. I leiarteam er det tre kvinner og to menn. I samband med lønsforhandlingane var lønn fordelt på kjønn tema. Ein enkel,

men ikkje tilstrekkeleg, analyse viste ikkje lønsforkjellar som skuldast kjønn. Statistikk frå KS basert på tal frå PAI registeret frå 1.12.2017 og 1.12.2018, viser ei tydeleg ei overvekt av kvinner i kommunen, med 102 årsverk for kvinner og 15 årsverk for menn. Når det gjeld lønn, viser statistikken frå KS at grunnlønna til kvinner er litt lavare enn grunnlønna til menn. I underkant av 10 000 kroner skil gjennomsnittleg grunnlønn.


#### ***Antal og prosent kvinner og menn i ulike sektorer i Sandøy kommune:***

Sektor	Antall		Andel i prosent	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
<b>Sentraladministrasjon</b>	<b>5</b>	<b>3</b>	<b>63</b>	<b>38</b>
<b>Oppvekst</b>	<b>55</b>	<b>6</b>	<b>90</b>	<b>10</b>
Grunnskule	35	4	90	10
Barnehage	17	-	100	-
Øvrige oppvekst	3	2	60	40
<b>Helse/sosial</b>	<b>64</b>	<b>2</b>	<b>97</b>	<b>3</b>
Administrasjon	1	-	100	-
Alm helsevern	4	1	80	20
Alders- og sykehjem	30	-	100	-
Hjemmehjelp/-Sykepleie	26	1	96	4
Sosialhjelp	1	-	100	-
Andre virksomheter	2	-	100	-
<b>Kultur</b>	<b>1</b>	<b>-</b>	<b>100</b>	<b>-</b>
<b>Teknisk sektor</b>	<b>4</b>	<b>17</b>	<b>19</b>	<b>81</b>
<b>Totalt</b>	<b>129</b>	<b>28</b>	<b>82</b>	<b>18</b>

Kommunen har eldreråd og råd for likestilling av funksjonshemma som har jamnlege møte gjennom året, og gir innspel til politiske saker. I samband med arbeidet med handlingplan/økonomiplan vart råda invitert til møte for å kome med innspel. Dette er særsveldig. Samstundes erkjenner vi at vi i enda større grad kunne ha lagt til rette for medverknad. Det er positivt at råda blir kalla inn til møte i regi av nye Ålesund.

Det skal leggjast til rette for tilsette ved nedsatt funksjonsevne. Sandøytunet har alt på eitt plan med handicaplassar rett uanfor inngangen. Det er mellom anna prioritert å få hev-senk pultar ved kontora jf. muskel- og skjelettplagar som rammar dei fleste i løpet av livet, og er ein av dei vanlegaste årsakene til sjukmeldingar og uføretrygd. Tilbod om språkkafe, der innvandrarar frå ulike land møtast, hadde aktivitet våren 2018. Det er lagt til rette for språkpraksisplassar for flyktningar i tekniske etat, barnehage og skulen (mat og helse)

Kommunen har i 2018 revidert retningslinjer for rekruttering m.a. for å sikre likebehandling. I nye Ålesund er likeverd, like muligheter og like rettigheter sentralt og viktig i samband med overføring av tilsette til den nye organisasjonen.



## Visjon

«Under høg himmel med vid horisont»

## Verdiar

Likeverd, ansvar, samhandling

# Mål for Sandøy kommune

*Kommuneplan for Sandøy kommune 2011-2023. Samfunnsdelen.*

## Sandøy kommune skal

- Legge til rette for utvikling av det eksisterande næringslivet, og stimulere til etablering av nye og livskraftige arbeidsplassar.
- Utvikle gode levevilkår for alle, med særleg fokus på barn og unge. Det førebyggande folkehelsearbeidet skal tilleggjast stor vekt.
- Sikre gode samferdselstilhøve, stabil tilførsel av straum og vatn og framtidige krav til datakommunikasjon.
- Sjølv vere med på å avklare og definere kommunesamfunnet sin plass og rolle i framtida.
- Sikre og utvikle eit mangfaldig kulturliv som kan høgde trivselen og samhaldet i lokalsamfunnet. Kommunen skal ivareta kulturlandskapet, kulturminne og kulturmiljø og ein berekraftig natur.
- Tryggje og utvikle tenestetilbodet for alle innbyggjarar i kommunen.
- Gjennom planlegginga si legge til rette for ei positiv utvikling i folketalet. Kommunen skal forvalte land- og sjøarealt på ein måte som tener næringsutvikling, busetjing, trivsel og oppleveling.



# Intensjonsavtalen for Nye Ålesund

Ordførarane i dei fem kommunane Ørskog, Ålesund, Skodje, Haram og Sandøy signerte ein oppdatert intensjonsavtale 19. juni 2017.

Den overordna målsettinga med intensjonsavtalen er å sikre:

- Gode og likeverdige tenester der folk bur, gitt av kompetente fagfolk.
- Godt og vel fungerande lokaldemokrati, med lokalt engasjement og medverknad.
- Ei samfunnsutvikling som realiserer mulighetene for at heile bu- og arbeidsregionen vert tatt i bruk, og som gir konkurransekraft til næringslivet.
- Rettstryggleik og verdigheit i alle tenestene.

## **Nokre utvalde målsettingar:**

- Sikre ei samordna planlegging for utvikling av både by og omland, møte dei store utfordringane i samfunnet gjennom miljøstrategi, folkehelsestrategi, tenesteutviklings- og innovasjonsstrategi og nyskaping i næringslivet. Samferdselsprosjekt og kollektivløysingar som vil knyte heile kommunen saman.
- Skape ein sterk organisasjon i samspel med andre for å utvikle regionen. Både tettstader og bygder skal delta og finne sin plass i ei heilskapleg utvikling. Dei kommunale tenestene og dermed arbeidsplassane skal vere nært brukarane samtidig som tilsette blir del av eit større fagmiljø med spesialiserte tenester tilgjengeleg. Ta vare på innbyggjarane sin rettstryggleik.
- Den politiske organisering skal sikre heilskapleg planlegging for regional slagkraft og lokal medverknad på kommunedelnivå. Nye former for medverknad.
- Forsvarleg økonomisk handlingsrom for sikre gode tenester til innbyggjarane. Lånegjeld på forsvarleg nivå, betale ned gjeld i tråd med avskrivingar, tilstrekkeleg stort disposisjonsfond.
- Tillitsfullt samarbeid for å styrke effektivitet, innovasjon, kvalitet og trivsel. Kompetanseutvikling og innovativt samarbeid. Utvikle tre-partsamarbeid (politikarar, administrativ leiing og fagforeiningar) for å utvikle dei kommunale tenestene.




# Organisering

## 2.1 Politisk organisasjon



## 2.2 Administrasjon



# Sandøy Kommunestyre

Arbeiderpartiet

\* Formannskap



Ordførar

**Oddvar Myklebust \***



**Åse Kristin Ask Bakke\***



**Espen Myklebust \***



**Sigmund Haugen**



**Stein Inge Skogen**



**Ann Elin Harnes**



**Roy André Hauge**



**Lodvar Espeland**



**Lena Kristin Husøy**



**Martin Helge S. Fitje**

Høgre



**Jessica Gärtner\***



**Nils Magne Abelseth**



**Olav Egil Ellevset**



**Helge Ervik**



**Andrine Finnøy**



**Ann Elin A. Harnes**

Venstre



**Hildegard Maier\***



**Odd Arve Orten**



**Robert Coates**

# Folkevalde

## 3.1 Aktivitet 2018


Tabellen nedanfor viser oversikt over tal møter og saker som har vore gjennomført og behandla i løpet av 2018 i dei ulike politiske organa:

	Antall møter	Antall saker
Kommunestyret	11	82
Formannskapet	15	125
Eldrerådet	4	20
Rådet for likestilling av funksjonshemma	4	19

Tal frå kommunevalet i 2015 viser at kvinnelege kommunestyrerrepresentantar utgjer 36,8 prosent i Sandøy kommune. Gjennomsnittet for Møre og Romsdal er 38,1 prosent. Andelen under 30 år ligg høgare enn gjennomsnittet på 8,9 prosent med 10,5 prosent for kommunen. Gjennomsnittet for andelen 60 år og eldre er 21 prosent i fylket og 21,1 prosent i Sandøy. Kommunen har med andre ord ikkje store forskjellar i deltaking for desse gruppene, samanlikna med resten av fylket. Gjennomsnittet for fylket viser at desse gruppene er underrepresentert i kommunestyra, og tala er nokså nær landsgjennomsnittet.

### Nokre politiske saker som blei behandla i 2018

- Vindkraft til hydrogenproduksjon.
- Høyring E39 Digernes-Vik
- Grensejustering uttale
- Kommunale vigslar
- Legevaktsamarbeid – vidareføring
- Endring av vegnamn
- Barnevern – interkommunalt samarbeid
- Prosjekt marine grunnkart Nordre Sunnmøre – deltaking
- Tilstandsrapport for grunnskulen
- Nordøyvegen tilskot
- Økonomirapportering prosjekt Sandøytunet
- Seniorpolitiske tiltak
- Handlingsplan og økonomiplan 2019-2022, årsbudsjett 2019
- Oppretting av frivilligsentral
- Samarbeidsavtale Romsdalsmuseet
- Tiltak for å rekruttere og behalde sjukepleiarar
- Avtale med Harøy idrettslag
- Feste av grav og gravminner
- Utviklingsforum Ålesund lufthamn
- Avhending av Hamnevågen fiskerihamn
- FNs berekraftsmål




*Utgifter til kontroll og revisjon (KOMREV3 IKS og Sunnmøre Kontrollutvalssekretariat IKS) har vore stabile dei siste åra. Andelen utgjer om lag 1,4 % av det totale brutto driftsbudsjettet til kommunen. Dette er om lag tilsvaranande samanlikningskommunane i kostragruppe 05.*

# Samfunnsutvikling

## 4.1 Folketalsutvikling

### Folketalsutvikling i Møre og Romsdal 2009-2018



I 2017 auka folketalet i Møre og Romsdal med 582 personar, ein vekst på 0,2 prosent. Tilsvarande auka folketalet i Noreg med 0,7 prosent. Både for Møre og Romsdal og landet var dette ein nedgang i veksten på 0,2 prosentpoeng samanlikna med 2016. Folketalsutviklinga i Møre og Romsdal var den lågaste sidan arbeidsinnvandringa starta for fullt i 2007.


Størst relativ vekst hadde Giske, Sula og Sandøy med 1,4 prosent i 2017, men frå 2017 til 2018 fekk Sandøy kommune ein nedgang i folketalet på 25 personar.

Studerer vi alderssamansettinga i befolkninga, ser vi eit klart trekk: Dei minste kommunane har den høgaste delen eldre. Med nokre få unntak er det slik at dess meir folkerik ein kommune er, dess lågare del eldre er det i befolkninga. Dette er ein trend som vil bli forsterka i åra framover om Statistisk sentralbyrå sine framskrivingar slår til.

SANDØY KOMMUNE	2015	2016	2017	2018
Innbyggjarar	1270	1246	1263	1238
Fødte i løpet av året	9	6	9	6
Døde i løpet av året	19	17	15	13


## Venta folketalsvekst i Møre og Romsdal 2018-2028

(MMMM-alternativ SSB)



Figuren viser forventa folketalsutvikling i fylket. For Sandøy kommune er det forventa moderat nedgang dei neste 10 åra. Prognosene tilseier ein reduksjon på ytterlegare om lag 3-4 prosent i løpet av 5 år fram mot 2035. Prognosene er basert på historisk utvikling og kan sjølv sagt endre seg. Nordøyvegen, vindkraftutbygging, aktiv bustadpolitikk og satsingar i nye Ålesund er eksempel på område som kan gi ein positiv effekt på utviklinga i folketetalet.

## Aldersfordeling



Grafen med aldersfordeling mellom menn og kvinner viser at kvinner har høgare levealder enn menn i Sandøy kommune med 84,7 år for kvinner og 80,6 år for menn. Aldersgruppa 74-94 år har ei overvekt av kvinner.


Fleire av aldersgruppene er nokså jamne, men aldersgruppa 10-20 år og 50-54 år har overvekt av menn. Aldersgruppa 20-24 år har overvekt av kvinner.

## Fordeling av folketal per grunnkrets i Sandøy kommune

	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
15460101 Myklebost	244	246	221	216	199	202	216	218	214
15460102 Røsok	111	114	109	103	106	102	103	102	96
15460103 Bruvoll/Morsund	137	139	142	150	148	154	149	151	143
15460104 Steinshamn/Harnes	513	485	494	489	481	486	460	451	449
15460105 Huse	122	122	117	118	118	115	114	132	127
15460106 Finnøy	131	135	134	133	134	136	133	143	148
15460107 Orten	9	8	8	7	7	11	11	12	12
15460108 Sandøy	36	38	37	40	36	38	36	35	34
15460109 Ona/Husøy	29	25	24	24	23	18	20	18	15
15469999 Uoppgitt grunnkrets	-	3	5	5	10	8	4	1	-

\*tal for 2019 er per 01.januar

Einaste grunnkretsen med vekst frå 2018-2019 er Finnøy med 5 personar. Grunnkretsane med høgast reduksjon er Brunvoll/Morsund og Røsok med høvevis 8 og 6 personar. Elles varierer det mellom 1-5 personar på dei andre grunnkretsane.



## **4.2 Busetting og butrend**

Møre og Romsdal har eit betydeleg tal fritidsbustadar. Både i 2008 og 2018 hadde fylket om lag 4,3 prosent av alle fritidsbustadar i landet. Ut frå samla areal ligg fritidsbustadane i Møre og Romsdal noko mindre tett enn gjennomsnittet for landet, og dette bildet har ikkje endra seg vesentleg i tiårsperioden. Auken i tiårsperioden har med andre ord vore omtrent som på landsgjennomsnittet.

Bruksendringar frå bustad til fritidsbustad medverkar til nye fritidsbustadar, men det meste av auken skuldast nybygging. Samla sett veit vi at om lag 15 prosent av fritidsbustadane i Møre og Romsdal er bruksendra bustadhús eller våningshus på gardsbruk som ikkje er i drift. Dette er dobbelt så stor del som for landet samla.

Sandøy kommune har hatt den relativt største auken. Her er likevel tala små, og auken kan dels forklaraast med at privat initierte reguleringsplanar har opna for stor byggeaktivitet nettopp dei siste ti åra. Sandøy vedtok ikkje overordna arealplan før i 2015.

Det er om lag 35 prosent registrerte fritidsbustadar i Sandøy kommune og 65 prosent bustadar i 2018. Dette var tidlegare 20 - og 80 prosent. 11 prosent av innbyggjarane bur på landbrukseigedom. Det er i snitt 2,21 personar per hushaldning. I 2018 var det 2 hytter som fekk ferdigattest, 2 hus vart rive for å setje opp nytt hus og 2 byggeprosjekt vart starta der det eine er einebustad og det andre eit leilegheitsbygg med 3 leilegheiter.



## **4.3 Berekraft og regional utvikling**

Sandøy kommunestyre gjorde slikt vedtak i 2018:

*Sandøy kommunestyre sluttar seg til at FN sine berekraftsmål blir utgangspunkt for planlegging og utvikling av nye Ålesund kommune, og at FN sitt berekraftsmål 14 – Liv under vatn – skal vere eitt av satsingsområda. Målet er å «Bevare og bruke hav og marine ressurser på en måte som fremmer bærekraftig utvikling»*

Det går fram følgjande av intensjonsavtalen:

*Det er viktig å utnytte kommunen sin strategiske posisjon på kysten og i etablerte næringscluster for t.d. turisme, maritim, marin og energinæring. Havrommet skal utviklast som ei større strategisk næring, der fagmiljø for havrommet og vindenergi etablerast i Sandøy, i nært samarbeid med forskingsinstitusjonar.*

Etablering av arbeidsplassar innanfor dette området har vore tema i nye Ålesund mellom anna i sak om lokalisering av arbeidsplassar i nye Ålesund.

For Sandøy er det knytt spenning til om det blir utbygging av Havsul – vindturbinar. Enbridge har ved fleire høve orientert kommunen om prosjektet.

Region Ålesund er i gang med eit felles prosjekt støtta av Møre og Romsdal fylkeskommune om å utarbeide marine grunnkart. Dette vil gi nye verktøy for planlegging og ressursbruk av kystområda i samsvar med berekrafstmåla og intensjonsavtalen. Det har sidan hausten 2016 vore arbeidd med dette prosjektet for å få marine grunnkart for Nordre Sunnmøre etter mal frå Søre Sunnmøre. Kommunane som er med er Giske, Haram, Sandøy, Skodje, Ørskog og Ålesund. Sandøy kommunestyre vedtok i 2018 vidare deltaking og kostnadsfordeling.

Sandøy kommunestyre har støtta Sandøy energi si satsing på hydrogen produksjon frå fornybar energi på Harøya.

Sandøy kommune er del av **Region Ålesund** saman med kommunane Giske, Haram, Skodje, Sula, Ørskog og Ålesund. Dette er del av Byregionprogrammet i regi av Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Målet er å bygge eit regionalt partnarskap som skal leggje til rette for ein framtidsretta og attraktiv byregion for både næring og samfunnsliv. Styringsgruppa for prosjektet er ordførarar og rådmenn i dei sju kommunane. Sentralt er arbeide med å lage ein samordna klima, areal- og transportplan for Ålesundsregionen.

Konferansefestivalen **The North West** vart arrangert i Ålesund av kommunane Haram, Giske, Sandøy, Skodje, Sula, Ørskog og Ålesund og Møre og Romsdal fylkeskommune. Det er ambisjon om å bli Norges viktigaste møteplass for inkluderande og berekraftig utvikling og skape eit enda betre samarbeid mellom kommunar, næringsliv, forskings- og utdanningsinstitusjonar, frivillig sektor og andre.

Sandøy kommunestyre vedtok i 2018 å delta i etablering av Utviklingsforum for Ålesund lufthavn Vigra AS. Dette for å styrke Ålesund lufthavn Vigra sin posisjon som nasjonal lufthavn for nordvestlandet.

Sandøy kommune deltek i Destinasjon Ålesund og Sunnmøre og Destinasjon Nordmøre og Romsdal der “Øyriket” inngår.




## 4.2 Næring og sysselsetting

Det er størst nedgang i sysselsettinga knytt til industrinæring i kommunen. Elles er det små endringar innan dei andre næringane frå 2017-2018.

Sysselsatte personer etter bosted	2015	2016	2017	2018
01-03 Jordbruk, skogbruk og fiske	42	44	44	45
05-09 Bergverksdrift og utvinning	10	10	7	7
10-33 Industri	205	189	183	166
35-39 Elektrisitet, vann og renovasjon	15	15	18	15
41-43 Bygge- og anleggsvirksomhet	21	21	23	25
45-47 Varehandel, reparasjon av motorvogner	34	33	34	32
49-53 Transport og lagring	74	73	74	73
55-56 Overnattings- og serveringsvirksomhet	18	23	17	16
58-63 Informasjon og kommunikasjon	0	0	3	3
64-66 Finansiering og forsikring	3	3	3	3
68-75 Teknisk tjenesteyting, eiendomsdrift	11	11	9	12
77-82 Forretningsmessig tjenesteyting	14	13	13	14
84 Off.adm., forsvar, sosialforsikring	23	26	26	31
85 Undervisning	41	42	43	42
86-88 Helse- og sosialtjenester	111	114	103	97
90-99 Personlig tjenesteyting	13	12	13	16
00 Uoppgett	8	5	3	9

Dei største næringane er industri, helse og sosial, transport og lagring i 2018. Dette er same bilete som har vore dei siste 4 åra, men med noko justering mellom desse tre.




## Arbeidsmarknad og ledigheit

Året 2017 var utfordrande for enkelte mekaniske bedrifter i kommunen – spesielt bedrifter som hadde arbeid knytt opp mot oljerelatert industri. Andre bedrifter som ikke er oljerelatert, gjekk bra. Dette har ikkje endra seg stort i 2018.

Talet på heilt arbeidsledige i kommunen har stort sett vore stabilt gjennom heile året. Ved utgangen av 2017 var det 12 heilt arbeidsledige, dvs. 1,8 %. Gjennomsnittet i fylket var i 2017 på 2,4% som var likt gjennomsnittet for heile landet. Ved utgangen av desember 2018 var det 13 heilt arbeidsledige, dvs. 2% i Sandøy kommune.

## Utvikling i arbeidsløysa dei siste 12 månadane




Kilde: NAV mars 2019

NAV- Sandøy har som tidlegare år arrangert møte med næringslivet.



## Arbeidsplassdekning



Arbeidsplassdekning er eit omgrep som blir nytta for å seie noko om talet på arbeidsplassar i forhold til talet på sysselsette som bur i det same området, til dømes eit fylke eller ein kommune. Er det fleire arbeidsplassar (sysselsette etter arbeidstad) enn sysselsette etter bustad, er arbeidsplassdekninga over 100 prosent. Over 100 prosent inneber ei netto innpendling, og under 100 prosent betyr netto utpendling.

Tal frå dei siste 5 åra viser at Sandøy kommune har hatt om lag 100 % arbeidsplassdekning.

Arbeidsplassdekninga varierer frå 123 prosent i Molde til 61 prosent i Nesset. Vi finn høg arbeidsplassdekning både i by- og distriktskommunar. I tillegg til Molde har Ålesund, Sunndal, Ulstein, Volda, Stranda, Sandøy og Kristiansund ei arbeidsplassdekning på over 100 prosent.

Lågast arbeidsplassdekning har kommunane Nesset, Giske, Gjemnes, Sula, Skodje og Fræna, alle med under 70 prosent. Dette er kommunar som grensar til dei største bykommunane i fylket.

74 prosent av arbeidstakarane i fylket bur og arbeider i eigen kommune. Den delen av arbeidsplassane i kommunen der eigne innbyggjarar arbeider, kan vi kalle eigendekning. Mest vanleg er dette i kommunane Tingvoll, Smøla, Vanylven og Sandøy, der over 80 prosent bur og arbeider i same kommune.

## Tilrettelegging og støttemidlar til næringslivet

Støttemidlar for nyetableringar og lokalt næringsliv gjennom hoppid ordninga og forvaltning av Sandøy kommune sitt næringsfond blir ivaretake av Innovasjonsselskapet ÅKP AS (tidlegere Ålesund Kunnskapspark). Selskapet skal bidra til å skape fremtidas arbeidsplassar og ein attraktiv bu- og arbeidsregion. Det blir lagt vekt på utvikling av betre samspel mellom næringsliv, akademia og offentlege styresmakter. Selskapet er eid 50 prosent av offentlege aktørar og 50 prosent av privat næringsliv i regionen. Dei største eigarane er SIVA (24%), Ålesund kommune (19 %) og Sparebanken Møre (12%). ÅKP driftar i dag hoppid-kontora i fleire kommunar, Ålesund og Sandøy av dei som går inn i nye Ålesund. Sandøy kommune har avtale ut 2019. Møre og Romsdal fylkeskommune ved regional- og næringsavdelinga forvaltar midlar til nærings- og utviklingstiltak i kommunane. Ein del av disse midlane blir kanalisiert gjennom førstelinetenesta hoppid.no og gjennom næringsfonda. Informasjon som motiverer lokalt næringsliv er viktig. ÅKP har ei «opa dør» for nyetablerarar og etablert næringsliv.

Hoppid	2017	2018	2019
Bevilget fra fylket	160 000	60 222	65 347
Antall søknader	6	3	-
Antall søknader innvilget	4	3	-
Tildelt beløp	79 200	70 000	-
Til disponering	80 800	71 022	-

Det er innvilga totalt kr. 70.000 i 2018. Midlane gjekk til:

- Elvira Fisk AS kr. 15.000
- Mulyati Hansen ISS Glow Skin kr. 30.000
- Ona Sjokolade kr. 25.000

Næringsfondet hadde pr 31.12.18 ein saldo på kr 902 561. Det er innvilga og utbetalt totalt kr. 351.011 i 2018. Midlane gjekk til:

- Cardesignjk Kwiatkowski kr. 17.372
- Marøysund AS kr. 150.000
- Øya Pub & Pensjonat kr. 33.639
- Helge Hansen Eiendom AS kr. 150.000

Det er i tillegg gitt tilsagn på kr 235 000 som ikkje er utbetalt enda. Disponibel saldo for 2019 blir då kr 667 561. Sandøy kommune har ikkje fått tildeling av nye midlar til næringsfondet i 2019.



## Felles prioriterte område

Sandøy kommune hadde fleire område som det skulle leggjast vekt på i driftsåret 2018, jamfør budsjett og økonomiplan 2018-2021. Nokre har ein klart å lykkast med, og andre vil få meir fokus i 2019, jamfør vedteken handlingsplan. Når det gjeld næringsutvikling, viser vi til avsnitt 4.2.

### 5.1 Folkehelse

Prosjekta for barn og unge, sjå eige punkt nedanfor, er Sandøy kommune si særskilte satsing innanfor folkehelse. Vi viser også til omtale under dei ulike einingane. Folkehelse skal gjennomsyre alle einingane. Kommunestyret vedtok etablering av frivilligsentral i 2018.

**Turstiar** er eitt av tiltaka som har vore prioritert også i 2018. Sandøy kommune hadde tre tiltak på anleggsliste idrett og fysisk aktivitet frå 2017: Rehabilitering Harøy stadion, bygging av klatrevegg i I.P. Huse-hallen og tursti/skuleveg sør for Harøy skule. Rehabilitering Harøy stadion og bygging av klatrevegg vart fullført i 2018. Tursti/skuleveg sør for Harøy skule vart ikkje starta opp. Nytt tiltak som er tatt inn i «Handlingsplan og økonomiplan 2019-2022» er ny tursti til Store og Little-Harøyburet.

### 5.2 Barn og unge

Barn og unge var eit av fokusområda til Sandøy kommune også i 2018. Kommunen har eit mål om å vere ein god oppvekstcommune for alle barn og unge, med vekt på attraktive og utviklande oppvekstmiljø i heile kommunen. Kommunen har ulike satsingar for å sikre dette.

Vi har styrka område tidleg innsats for barn og unge i 2018. Prosjektet «Kva er viktig for oss?» står som prioritert, både i 2018 og 2019. Vi viser til nærmare omtale av prosjektet under helse og omsorg. Der er også viktige tiltak som MOT og aktivitetsveka omtalt.

MAKS (maritimt aktivitetssenter) og ungdomsklubben Kvalen blir omtalt under oppvekst og kultur.

Nedanfor følgjer ein del data om ungdom frå Møre og Romsdal og Sandøy kommune:

- Nedgang i tal barn og unge i 26 av 36 kommunar frå 2008 til 2018 – Sandøy har ein liten auke i perioden (3) – samla nedgang i fylket var 850.
- Meir mangfoldig gruppe barn og unge – 13 % har innvandrarbakgrunn (fødd i utlandet eller i Noreg av innvandrarforeldre) - om lag 16 % for Sandøy (u-trinn - inkl. arbeidsinnvandring)
- Ein av ti elevar (9,9 %) i ungdomsskolane i fylket får spesialundervisning, det er over landsgjennomsnittet - 15 % i Harøy skule.
- Stor forskjell mellom gutter og jenter i skuleresultat – og forskjellen aukar – ser ein tala om tid, gjeld det same for Sandøy.
- Stor skilnad mellom jenter og gutter på kva bransje dei får seg deltidjobb i - trenden her er at det er kjønnsbasert også i Sandøy.
- Barn (0-14 år) i Møre og Romsdal låner færre bøker (7,7) frå biblioteka enn landsgjennomsnittet (9,4) – Sandøy ligg på fylkestoppen med ca. 25 utlån per barn 2016
- Stor variasjon mellom kommunane i kor nøgde ungdom er med kollektivtilbodet – Sandøy kommune (39 %) ligg under fylkesgjennomsnittet (60 %)

- Om lag kvar tredje ungdom er «ganske mykje/veldig mykje» plaga av depressive eller angstrelaterte symptom, og Møre og Romsdal nærmar seg landsgjennomsnittet – i Sandøy er 16 % - 22 % av gutane og 6 % av jentene - mykje plaga av depressive symptom.
- Ungdom som opplever fysiske plagar (hodepine, magesmerter, ryggsmerter) aukar, 10 % av gutane og 20 % av jentene opplever slike smerter dagleg – 10,5 % i Sandøy (2016)
- Auke i talet førskulebarn som får tilbod på kulturskole i kommunane i Møre og Romsdal – i Sandøy får ingen under grunnskolealder eit tilbod, 70 i grunnskolealder og ingen over grunnskolealder i 2017/2018.
- 63 % har trygg tilgang til nærturterrenge i Møre og Romsdal - klart høgare enn landsgjennomsnittet - over 90 % i Sandøy.
- Fleire ungdomsskuleelevar er nøgde med skolen sin i Møre og Romsdal enn landet, 70 % her mot 66 prosent i landet elles - Sandøy ligg under landet og fylket med 60%.

Sjølv om Sandøy skårer meir positivt enn Møre og Romsdal samla på enkelte område, tilseier data, som ikkje er særskilt for Sandøy kommune, at det er viktig med ei fortsatt satsing på barn og unge. Her vil mellom anna prosjektet «Kva er viktig for oss?» kunne bidra. Det er viktig å lykkast med eit godt samarbeid på tvers av einingane i kommunen og få til eit godt samarbeid med foreldre, frivillige m.fl.



### 5.3 Nye Ålesund

Overgangen til Nye Ålesund er den største omstillinga i kommunen. Den største utfordringa sett frå Sandøy kommune har i 2018 vore å finne ein god balanse mellom dette store omstillingsarbeidet, dagleg drift og nødvendig utviklingsarbeid før 2020. Mykje av fokuset blir retta mot 2020.

Verdiar som skal prege prosessen fram mot nye Ålesund er: Likeverd, rausheit, identitet, nyskaping og innbyggarfokus.

Likeverd betyr m.a. at alle kommunane skal delta i arbeidet med å planlegg den nye kommunen. Sandøy kommune har med representantar i dei fleste gruppene, men er oppført berre som kontaktperson for nokre få grupper. Tillitsvalt er med i partsamansett utval, og både tillitsvalt og verneombod er med i ulike grupper.

I 2018 vart det etablert styringsgrupper i samsvar med framtidig organisering av nye Ålesund. Det vart i tillegg etablert fleire faggrupper.

Sandøy kommune var representert i alle dei 10 styringsgruppene. I tre styringsgrupper har i tillegg tillitsvalt og verneombod delteke. Det var vidare om lag 60 faggrupper og andre grupper. Enkelte tilsette har deltatt i fleire grupper.

Det er positivt med høg deltaking, men klart ei stor utfordring for Sandøy kommune, som ein liten kommune, å delta i like stor grad som andre kommunar. Det er ikkje lagt til rette økonomisk for stor deltaking. Belastninga på enkelte tilsette er nok altfor høg.

I arbeidet med kommunereforma har blant anna følgjande mål i intensjonsavtalen blitt framheva lokalt: «Både tettstader og bygder skal delta og finne sin plass i ei heilskapleg utvikling. Dei kommunale tenestene og dermed arbeidsplassane skal vere nær brukarane samtidig som tilsette blir del av eit større fagmiljø med spesialiserte tenester tilgjengeleq.»



Orienteringsmøte om nye Ålesund

## 5.4 Medverknad

I enkelte einingar er det etablert eit godt samarbeid med brukarar/føresette, til dømes i barnehagen. I andre einingar har ikkje dette fått tilstrekkeleg prioritet. Det kan også vere vanskeleg å finne gode metodar for brukarmedverknad. Vi har eldreråd, rådet for likestilling av funksjonshemma og ungdommens kommunestyret. Det har vore varierande grad av aktivitet i 2018. Det er framleis grunn til å arbeide med å leggje til rette for god brukarmedverknad. Det er positivt at nye Ålesund legg vekt på å trekke med råda.

I samband med arbeidet med handlingsplan/økonomiplan inviterte vi råda til å kome med innspel. Det er positivt og nyttig med slik dialog.



## 5.5 Sandøytunet

Bygginga av Sandøytunet er eit stort prosjekt. Sandøytunet skal innehalde ulike tenester. Det var innflytting i bufellesskapet, og tilsette i rådhuset flytta inn i 2018. Lege, helsestasjon, fysioterapi og tannhelse flytta inn på nyåret 2019. Det er gjort ein stor innsats med å få alt på plass. Ulike forhold har gjort at det blir eit meirforbruk for prosjektet. Sandøytunet blir viktig for lokalsamfunnet framover. Ulike tenester blir tilgjengeleg for innbyggjarane, også nærmiljøkafeen som allereie er etablert som ein viktig møteplass.



## 5.6 Kompetanse og rekruttering

Sandøy kommune har særleg utfordringar når det gjeld rekruttering innanfor helse og omsorg. Det er mange forhold som er viktig for å bli ein attraktiv arbeidsgivar. Kommunen legg til rette for at ungdom skal få sommarjobb, og har stillingar for lærlingar. Vi deltek også på arena der rekruttering er i fokus. Vi deltok på Sjekk inn 2018 på Campus Ålesund i kantina til Norsk Maritimt Kompetansesenter (NMK). Der får ulike verksemder presentere seg for ungdom.



## 5.7 Andre område

### Beredskap

Sandøy kommune hadde tilsyn i 2017 og fekk eitt avvik knytt til manglande overordna mål, strategiar etc. i sentrale planar. Kommunestyret behandla i 2018 sak om oppfølging av tilsynet. Tilsette har deltatt beredskapsarbeidet i nye Ålesund. Prioriterte tiltak for oppfølging av ROS-analysen innan oppvekst og kultur har først blitt prioritert på nyåret 2019. Vi har fått utsatt frist når det gjeld vassforsyningssystemet. Det er behov for intern opplæring.



### Digitalt førsteval

Nytt arbeidsplanverktøy starta opp i 2017 og vart innført i 2018. Nye Ålesund skal ta i bruk same verktøyet.

### Internkontroll

Kvalitetssystemet IKKS er vidareført, men har ikkje hatt særleg prioritet. Det er behov for nytt kvalitetssystem. Dette blir først på plass i nye Ålesund.

### Planlegging

Det har vore arbeidd med kartlegging av sjøareal og klima, areal- og transportplan for Ålesundregionen. Planlegging i samarbeid med andre kommunar i nye Ålesund og Region Ålesund har hatt prioritet. Vi har ikkje klart å prioritere alt arbeidet som planlagt. Arbeidet med til dømes kulturminneplan har først fått prioritet i 2019. Det hadde vore ønskeleg med større kapasitet på plansida.



# Økonomi

## 6.1 Driftsrekneskap

Årets driftsresultat vart eit mindreforbruk på 0,54 mill. kroner i 2018. Tenesteområda har eit mindreforbruk på om lag 3 mill. kroner og budsjettområde skatt, finans og rammetilskot har mindreinntekter på om lag 2,46 mill. kroner.

Rekneskapsskjema 1A	Rekneskap 2018	Registrert budsjett	Opprinnelag budsjett	Rekneskap 2017
Rekneskapsskjema 1A – drift				
Skatt på inntekt og formue	39 378 219	38 810 000	38 810 000	37 800 929
Ordinært rammetilskot	53 244 367	53 087 000	53 087 000	53 127 336
Skatt på eigedom	1 700 345	1 660 000	1 660 000	1 706 086
Andre direkte eller indirekte skattar	-	-	-	-
Andre generelle statstilskot	9 491 223	8 671 000	6 521 000	8 411 873
Sum frie disponible inntekter	103 814 153	102 228 000	100 078 000	101 046 223
Renteinntekter og utbytte	3 653 808	4 660 000	6 660 000	6 030 788
Gevinst finansielle instrument (omløpsmidlar)	-	-	-	-
Renteutg.,provisionar og andre fin.utg.	4 696 151	4 280 000	3 880 000	3 513 079
Tap finansielle instrument (omløpsmidler)	-	-	-	-
Avdrag på lån	6 700 652	6 500 000	6 000 000	4 910 000
Netto finansinnt./utg.	-7 742 995	-6 120 000	-3 220 000	-2 392 292
Til dekning av tidligere regnsk.m. merforbruk	-	-	-	-
Til ubundne avsettingar	2 438 676	2 438 676	-	3 781 825
Til bundne avsettningar	588 194	906 000	348 000	1 007 891
Bruk av tidligare reksk.m. mindreforbruk	3 423 777	3 423 777	-	4 379 786
Bruk av ubundne avsettingar	600 000	1 800 000	1 200 000	10 000
Bruk av bundne avsettingar	2 268 565	609 000	609 000	932 277
Netto avsettingar	3 265 472	2 488 101	1 461 000	532 348
Overført til investeringsrekneskapen	427 101	427 101	-	400 461
Til fordeling drift	98 909 529	98 169 000	98 319 000	98 785 818
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	98 365 813	98 169 000	98 369 000	95 362 041
<b>Rekneskapsmessig mer/mindreforbruk</b>	<b>543 716</b>	-	-	<b>3 423 777</b>

### Frie disponible inntekter

Skatteinntektene (inntekt, formue og eigedomsskatt) vart noko høgare enn budsjettet med 0,6 mill. kroner i 2018. Rammtilskotet vart 0,2 mill. kroner betre enn budsjettet. Kommunen fekk 2,25 mill. kroner frå Havbruksfondet i 2018 som var ein del av budsjettjusteringa per 2.tertial. Integreringstilskotet var utan avvik etter budsjettjusteringa per 2.tertial, det vil seie dei frie disponible inntektene enda med ei meirinntekt på 0,75 mill. kroner i 2018 samanlikna med justert budsjett.

### Finansinntekter og - utgifter

Lånekostnadane var 0,3 mill. kroner høgare enn budsjettet. Rentekompensasjon, avkasting og aksjeutbytte vart lågare enn budsjettet jamfør varsling per 2.tertial. Samla vart dette eit avvik på 0,12 mill. kroner. 1 mill. av desse er knytt til svikt i avkastinga.

## Netto driftsresultat

Netto driftsresultat viser kor mykje kommunen har igjen til avsettingar og investeringar. Resultatet vart negativt i 2018 med -2,2 mill. kroner, mot 3,2 mill. kroner i 2017. Dette utgjer høvesvis -1,73% og 2,5%.

Regnskapsskjema 1B	Regnskap 2018	Budsjett (end) 2018	Budsjett	Regnskap 2017
			2018	
1 FOLKEVALTE STYRINGSORGAN OG FELLESUTGIFTER	21 093 875	21 169 000	21 519 000	20 962 035
2 UNDERVISNINGSTENESTER	19 446 363	20 051 000	19 991 000	17 877 380
3 BARNEHAGETENESTER	7 423 347	8 704 000	9 368 000	8 570 733
4 SOSIALE TENESTER	1 689 888	2 197 000	2 257 000	1 979 150
5 HELSE OG OMSORGSTENESTER	34 635 348	36 556 000	36 556 000	33 699 318
7 KULTURELLE TENESTER	2 294 070	2 575 000	2 575 000	2 092 515
8 TEKNISKE TENESTER	9 667 321	8 006 000	8 006 000	7 613 012
SUM	96 250 212	99 258 000	100 272 000	92 794 143
FELLES INNTEKTER OG UTGIFTER	2 115 600	-1 089 000	-1 953 000	2 567 898
SUM FORDELT IHHT. SKJEMA 1A	<b>98 365 812</b>	<b>98 169 000</b>	<b>98 319 000</b>	<b>95 362 041</b>

Område 8 har meirforbruk, medan område 1-7 har eit mindreforbruk i 2018. Alle einingane meldte balanse ved 1.tertial. Område 1 og 3 meldte mindreforbruk ved 2.tertial, medan resten meldte balanse. Det vart varsle munnleg at prognosene til teknisk var noko usikker grunna auka beredskapsaktivitet og vedlikehald på hausten.

Dei største avvika er innan skule, voksenopplæring, barnehage, NAV, helse- og omsorg og teknisk. Sjå kapittel 7 for meir detaljar om resultat per eining.



## 6.2 Investeringsrekneskap

Regnskapsskjema 2A	Rekneskap 2018	Registrert Budsjett	Opprinnelig Budsjett	Rekneskap 2017
Investeringar i anleggsmidler	99 258 738	105 510 000	86 743 000	80 561 834
Utlån og forskottingar	-	-	-	-
Kjøp av aksjar og andelar	494 456	25 000	-	532 201
Avdrag på lån	85 715	-	-	85 716
Dekking av tidligare års udekka	427 101	427 101	-	400 461
Avsettinger	1 919	-	-	760 244
Årets finansieringsbehov	100 267 929	105 962 101	86 743 000	82 340 456
Finansiert slik:				
Bruk av lånemidlar	78 270 036	79 898 000	79 898 000	66 394 838
Inntekter fra sal av anleggsmidlar	-	-	-	760 000
Tilskot til investeringar	685 000	6 845 000	6 845 000	3 270 000
Kompensasjon for meirverdiavgift	14 641 821	17 200 000	-	8 876 666
Mottatte avdrag på utlån og refusjonar	4 773 317	667 000	-	142 085
Andre inntekter	30 000	-	-	21 760
Sum ekstern finansiering	98 400 174	104 610 000	86 743 000	79 465 349
Overført fra driftsrekneskapen	427 101	427 101	-	400 461
Bruk av tidligare års udisponert	-	-	-	-
Bruk av avsettingar	1 001 198	925 000	-	2 047 545
Sum finansiering	99 828 473	105 962 101	86 743 000	81 913 355
<i>Udekka/udisponert</i>	<i>-439 456</i>	<i>-</i>	<i>-</i>	<i>-427 101</i>

Sandøy kommune investerte for 99 mill. kroner i 2018. Dette vart i stor grad finansiert ved bruk av lånemidlar (nytt lån og ubrukte lånemidlar) med 78 mill. kroner, 0,6 mill. kroner frå tilskot, 4,7 mill. kroner i refusjonar og mottatte avdrag, og 14,6 mill. kroner som kompensasjon for betalt meirverdiavgift.

Det totale investeringsnivået er om lag som justert budsjett, men med avvik mellom vedteke investeringsprosjekt:

Rekneskapsskjema 2B	Rekneskap 2018	Registrert Budsjett	Opprinnelig Budsjett	Rekneskap 2017
100 Nytt saksbehandlingssystem	-	-	-	26 281
101 Utskifting datautstyr	-	-	-	237 988
102 Datasystem økonomi	-	-	-	45 839
105 Arbeidsplanverktøy*	303 624	-	-	232 988
106 Elektronisk møtebehandling*	241 061	-	-	623 864
109 Dataprosjekt – Sandøytunet*	537 079	-	-	-
110 IKT-strategi*	-	1 780 000	1 780 000	375 000
111 Arkivdetaljering IKA	966 651	1 200 000	1 200 000	-
114 Telefonisentral	78 235	-	-	80 043
140 Harøy kirke - Nye gravplasser	45 316	4 375 000	3 500 000	32 500
141 Harøy kirke - Maling utvendig	1 603 525	1 625 000	1 300 000	117 156


204	Bærbare PC/ipad- klassesett	-	-	-	99 742
251	Datautstyr organisasjon*	314 659	-	-	-
802	Fagsystem kommunale avgifter	-	-	-	151 030
803	Bustadprosjekt	11 553 857	-	-	25 234 310
810	Utskifting eternittrør	285 567	2 000 000	2 000 000	3 281 143
820	Ombygging skulekjøkken (Harøy barnehage)	-	-	-	1 166 008
823	Brannsikring tette trehusmiljøer	-	-	-	1 128 632
828	Asfaltering komm. byggfelt	424 765	1 250 000	1 000 000	358 592
832	Turstianlegg	44 500	-	-	780 664
849	Måsvikremma - syd	3 924 579	15 000 000	12 000 000	113 899
856	Høgdebasseng Myklebust	7 969 295	6 800 000	6 800 000	7 182 204
862	LED - gatelys	-	-	-	148 053
867	Veg/adresse prosjekt	-	500 000	500 000	-
871	Harøy stadion	7 556 001	-	-	5 585 793
872	Sandøytunet 2015-2018	-	-	-	178 130
874	Sandøytunet detaljprosjektering	-	-	-	1 087 922
876	Byggeprosjekt Sandøytunet	58 237 951	62 500 000	50 000 000	31 218 556
877	Følgjeprosjekt Sandøytunet	-	-	-	1 075 498
878	Måsvikremma syd - utbygging vann	332 497	3 000 000	3 000 000	-
879	Måsvikremma syd - utbygging avløp	901 229	1 000 000	1 000 000	-
880	Harøy barnehage - Nytt tak	-	700 000	700 000	-
881	Klatrevegg I.P Huse-hallen	1 485 210	1 250 000	333 000	-
882	Grasklippartraktor	193 813	150 000	150 000	-
883	Sikringsgjerde Harøy barnehage	337 093	280 000	280 000	-
884	Oppgradering brannstasjon	-	1 200 000	1 200 000	-
885	Finnøy fiskerihamn	900 000	900 000	-	-
887	Sandøytunet - Sjukesignalanlegg	1 022 233	-	-	-
TOTALT		99 258 740	105 510 000*	86 743 000	80 561 835

\*Prosjekt knytt til IKT-strategi

### 6.3 Økonomiske nøkkeltal

Godt driftsresultat, høg andel driftsreserve og netto lånegjeld er viktige teikn på sunne kommunale finansar. Sandøy kommune har middels gode finansar. Sjølv om ein har eit stort disposisjonsfond så har kommunen ei høg lånegjeld. Brutto driftsresultat har vore negativt i fleire år og kommunen må arbeide med å gjere seg mindre avhengig av finansavkastinga.


## **Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter**



Indikatoren syner resultatet i prosent av driftsinntekter etter at driftsutgifter, renter og avdrag er kostnadsført. Det vil sei kor mykje som kan disponerast til avsettingar og investeringar. Ei svakheit med indikatoren er at kostnadane som slitasje og verdiforringing på bygningar, inventar, maskiner og liknande ikkje er trekt frå når netto driftsresultat blir berekna. Det betyr at kommunen må ha eit positivt netto driftsresultat for å ha ein berekraftig økonomi. Anbefalt minimumsnivå på netto driftsresultat er om lag 2% (bransjenorm). Netto driftsresultat for Sandøy kommune er negativt med -1,16% mot 2,5% i 2017. Kommunen er langt under nivået til kommunane i kostragruppe 05, og samanlikna med samanslåingskommunane er det berre Ålesund og Skodje som har positive resultat.

	2014	2015	2016	2017	2018
<b>1504 Ålesund</b>	-2,3	1,3	1,9	4,2	1,1
<b>1523 Ørskog</b>	-4,6	-2,6	0,2	2,1	-1,9
<b>1529 Skodje</b>	-1,5	1,9	3,4	3,7	3,5
<b>1534 Haram</b>	2,2	0,0	0,2	1,6	-0,4
<b>1546 Sandøy</b>	-1,4	-2,5	1,3	2,5	-1,6
<b>Kostragruppe 05</b>	1,4	1,8	2,7	2,7	5,1

## *Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekt*




Disposisjonsfondet er kommunen sine reserver for å dekke uføresette utgifter og sviktande inntekter. Fondet bør utgjere 10% av driftsinntektene.

Sandøy kommune har hatt disponible midler langt over norma i lang tid. Store delar er knytt til finansiering av Nordøyvegen, og det er forventa at reservane vil bli redusert i åra som kjem.

Sandøy kommune har størst andel blant dei fem samanslåingskommunane og ligg langt høgare enn kostragruppe 05.

	2014	2015	2016	2017	2018
<b>1504 Ålesund</b>	0,0	0,0	0,0	0,0	0,9
<b>1523 Ørskog</b>	6,6	6,2	1,0	1,3	2,9
<b>1529 Skodje</b>	4,1	8,6	9,2	10,6	10,1
<b>1534 Haram</b>	1,4	2,3	1,6	1,9	4,3
<b>1546 Sandøy</b>	28,4	28,0	21,3	23,7	24,6
<b>Kostragruppe 05</b>	6,3	6,1	7,2	7,8	10,8

## **Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekt**




Netto lånegjeld er definert som langsiktig gjeld fråtrekt totalt utlån, samt pensjonsforpliktingar. Netto lånegjeld bør vere under kontroll for å unngå for stor renterisiko, spesielt i tider med låge renter. Netto lånegjeld bør helst vere under 50% av årlege driftsinntekter.

Sandøy kommune har vore over norma dei siste 5 åra og har generelt høg lånegjeld og auka med 50,3% frå 2017 til 2018. Kommunen ligg høgare enn dei fem samanslåingskommunane og kostragruppe 05. Denne indikatoren må sjåast i samanheng med størrelsen på disposisjonsfondet som indikerar om kommunen har driftsreservar og betalingsevne.

	2014	2015	2016	2017	2018
<b>1504 Ålesund</b>	27,6	29,5	32,2	32,8	92,8
<b>1523 Ørskog</b>	73,2	78,2	97,1	135,2	149,9
<b>1529 Skodje</b>	94,7	92,7	89,1	87,6	97,5
<b>1534 Haram</b>	113,0	97,1	126,9	131,1	109,3
<b>1546 Sandøy</b>	84,7	85,9	100,0	145,3	195,5
<b>Kostragruppe 05</b>	59,4	62,6	65,0	67,4	68,9

# Kommunal verksemd

## Utgifter etter utvalgte områder



Kilde: Kommuneregnskap, Statistisk sentralbyrå

## 7.1 Arbeidsgivar

### Sjukefravær

Det er endringar i dei prosentvise sjukefråværstala frå kvartal til kvartal og frå år til år. Det er også variasjonar mellom tenesteområda. I 2017 låg den totale fråværsprosenten i Sandøy kommune på 7,0 % og i 2018 hadde den totale fråværsprosenten gått ned til 6,0 %, noko som er et svært godt tal i kommunal målestokk. Fråværsstatistikk er fast tema og drøftingssak i Arbeidsmiljøutvalet (AMU).

Frå 01.01.2019 har dei sentrale partane inngått ny avtale om eit inkluderande arbeidsliv (IA-avtale). Kommunen har forplikta seg til å følge IA avtalen sitt regelverk. Sandøy kommune har valt å vidareføre ordninga med utvida bruk av eigenmelding sjølv om denne ikkje er nedfelt i den nye IA-avtalen. Vidareføring av ordninga vart tilrådd i møte i arbeidsmiljøutvalet 20.2.2019 og godkjent i drøfting med tillitsvalte 07.03.2019. IA-avtalen set arbeidsplassen i sentrum. Eit godt førebyggjande arbeidsmiljø med aktivt sjukefråversarbeid er viktig for å førebyggje og redusere sjukefråvær.

### Arbeidsmiljø

Sandøy kommune gjennomførte i 2017 ei arbeidsmiljøundersøking. Om lag 80 % av dei tilsette svarte på undersøkinga. Samla resultat var at tilsette i store trekk er fornøgde med arbeidsmiljøet på arbeidsplass i forhold til meistring av arbeidsoppgåver og sosialt samspel på arbeidsplassen. Resultatet i undersøkinga viste likevel at ein må jobbe meir målretta med område som jobbkrav og leiing. Arbeidsmiljøundersøkinga er viktig utgangspunkt for vidare




arbeid med arbeidsmiljøet. Undersøkinga er fulgt opp i eit samarbeid med vernetenesta. Alle einingar skal gjennomføre medarbeidarsamtalar, og saman med verneombodet bli enig om andre tiltak.

### Ny bedriftshelsetenesta

Sandøy kommune avslutta 31.12.2018 eit langvarig samarbeid med Medi 3 bedrifthelseteneste. Frå 01.01.2019 har Sandøy kommune inngått samarbeid med Stamina bedrifthelseteneste. Stamina er Norges største bedrifthelseteneste med 550 tilsette. 32 er tilsett i Stamina på Sunnmøre. Årleg tilbod om helsekontroller vil frå 2019 bli gitt til tilsette som har rett til jamnleg oppfølging. Dette gjeld nattevakter, teknisk uteseksjon, reinhaldarar og brannmannskap. Det omfattar også hørseltest for barnehagetilsette. Alle tilsette kan få individuelt tilbod i samband med arbeidsrelaterte fysiske eller psykososiale utfordringar. Arbeidmedisinsk poliklinikk er eit individbasert tilbod som blir gitt til tilsette etter ei konkret vurdering i kvart enkelt tilfelle.



## 7.2 Folkevalde styringsorgan og fellestenester – sentraladministrasjon



Nøkkeltal frå dei 5 samanslåingskommunane og akkumulert Nye Ålesund (Kostra-tal publisert 15.03.19, førebels for 2018)

Netto driftsutgifter administrasjon, i prosent av totale netto driftsutgifter (justert for utgiftsbehov)	2015	2016	2017	2018
Nye Ålesund	5,5	5,5	3,3	5,5
Sandøy	6,5	7,7	6,3	5,1
Ålesund	5,3	5,2	2,1	5,6
Haram	5,3	5,1	5,1	5,3
Skodje	6,0	5,9	5,2	5,2
Ørskog	4,0	5,7	4,9	5,0
Kostragruppe 05	5,2	5,1	4,9	5,1

Netto driftsutgift kirke, i prosent av totale netto driftsutgifter	2015	2016	2017	2018
Nye Ålesund	1,3	1,3	1,3	1,2
Sandøy	1,9	1,6	1,3	1,5
Ålesund	1,4	1,3	1,4	1,3
Haram	1,4	1,3	1,3	1,3
Skodje	0,8	0,8	0,8	0,9
Ørskog	1,1	1,2	1,2	1,2
Kostragruppe 05	1,7	1,6	1,6	1,6

Når ein justerer for ugiftsbehov er samanlikningsgrupp nokså jamn på netto driftsutgifter til administrasjon i 2018. Ein har arbeidd med å redusere desse utgiftene dei siste åra noko utviklinga viser. Utgifter til kyrkja gjekk litt opp grunna auka overføring i 2018 samanlinka med 2017. Sandøy kommune har eit høgare nivå samanlikna med dei andre samanslåingskommunane, men er nokså jamn med kostragruppe 05.

## Økonomisk resultat 2018

KOSTRA Funksjon		Rekneskap 2017	Budsjett 2017	Rekneskap 2018	Budsjett 2018	Budsjett 2018 (justert)	Avvik
100	Politisk styring og kontrollorganer	1 782	1 826	1 841	2 069	1 869	28
110	Kontroll og revisjon	664	718	687	697	697	10
120	Administrasjon	10 629	10 791	9 988	10 860	10 560	572
180	Diverse fellesutgifter	95	52	180	115	115	-65
201	Barnehage	48	-	57	33	33	-24
202	Grunnskule	131	-	91	102	102	11
232	Førebyggj. - skule og helsestasjonsteneste	-	-	15	-	-	-15
234	Aktiviserings- og servicetjenester overfor eldre og personer med funksj.nedsette	-	-	47	-	-	-47
244	Barnevernteneste	14	-	43	15	15	-28
253	Helse- og omsorgstjenester i institusjon	71	-	117	51	51	-66
254	Helse- og omsorgsjenester til hjemmeboende	71	-	59	51	51	-8
302	Byggesakshandsaming og eigarseksjonering	-	-	65	-	-	-65
303	Kart og oppmåling	-	-	3	-	-	-3
325	Tilrettelegging og bistand for næringsliv	228	272	314	274	274	-40
360	Naturforvaltning og friluftsliv	7	5	17	7	7	-10
383	Musikk- og kulturskular	15	-	24	15	15	-9
390	Den norske kyrkja	1 275	1 275	1 002	1 275	1 002	-0
392	Tilskudd til tros- og livssynssamfunn	63	67	148	67	67	-81
393	Kyrkjegardar/gravlundar	-	-	423	1	424	1
<b>Totalt</b>		<b>15 094</b>	<b>15 006</b>	<b>15 121</b>	<b>15 632</b>	<b>15 282</b>	<b>161</b>

\*tal i heile tusen

Politisk, stab, kyrkje og fellesutgifter gjekk med eit lite mindreforbruk i 2018 på kr. 161.000,-. Det er fleire grunnar til dette. Satsen på tilskot til tros- og livssyn auka i 2018 samanlikna med tidlegare år på grunn av investeringsprosjekta «oppgradering Harøy Kyrkje» og «nye gravplassar». Det har vore mykje aktivitet knytt til sjølvkostområda og belastninga på stab og fellessteneste blir kompensert via indirekte kostnadar. Dette ga meirinntekter på område 1 og meirugift på område 8 (teknisk). Elles er der brukt mykje ressursar i stab til digitalisering av arkivet som er belasta investeringsprosjektet. Sandøy kommune vart kompensert ein høgare andel av reiseutgifter av Nye Ålesund knytt til arbeid kring kommunereform. Dette var begrunna med kommunen si særstilling på reise.

## **Medarbeidar og arbeidsmiljø**

Stab og støtte består av sørivistorget med tre tilsette, lønsrådgivar, personalrådgivar og IKT-rådgivar. Integreringstenesta og legetenesta ligg også til stab. Integreringstenesta har eitt årsverk, og er frå 2019 overført til oppvekst og kultur. Kommunen kjøper økonomitenester og advokattenester frå Ålesund kommune.

Hovedverneombud har 20% stilling, medan ein tillitsvalt hadde 60% og ein 10 % i 2018. Noko av desse utgiftene er dekt av nye Ålesund knytt til deltaking i partsamansett utval.

Arbeidsmiljøundersøkinga for stab og legetenseta viste «godkjent» som for kommunen samla, men med område som kan forbetrast. På bakgrunn av arbeidsmiljøundersøkinga blir det i samråd med verneombod arbeidd med forbetingstiltak.

## **Tenester**

Stab og støttefunksjonar arbeider både for politiske organ, eigen organisasjon og ut mot publikum. Tilrettelegging for politisk styring er sentralt. Rådmann/administrasjonen skal sjå til at dei saker som blir lagt fram for folkevalte organ, er forsvarleg utreda, og at vedtak blir iverksatt. Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen blir drive i samsvar med lover, forskrifter og overordna instrukser, og at den er gjenstand for betryggande kontroll.

Det vart også i 2018 arbeidd med avlevering av arkiv til IKA Møre og Romsdal. Alle i stab er engasjert i arbeidet med utviling av nye Ålesund.

## **Brukars og innbyggjarar**

Arbeidet på sørivistorget er sentralt i forhold til kontakt med brukar og innbyggjarar. Det blir lagt vekt å informere på heimesida og gjere mest muleg av aktiviteten i kommunen tilgjengeleg for innbyggjarane.

## **Prioriterte tiltak for 2018**

Demokrati Rettstryggleik	Integrering	Innatsområde
<ul style="list-style-type: none"><li>• Demokratisk styring</li><li>• Medverknad</li><li>• Openheit og innsyn</li><li>• Etisk standard</li><li>• Rettryggleik for innbyggjarane</li><li>• Utvikle lokaldemokratiske møteplassar</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Introduksjonsprogram i tråd med lov og forskrift</li><li>• Norskopplæring og arbeid eller utdanning for alle</li><li>• Samarbeid om inkludering</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Kommunereforma</li><li>• Barn, unge og familie</li><li>• Folkehelse</li></ul>


## **Oppfølging og status**

Når det gjeld demokratisk styring, har det i 2018 ikkje vore særlege satsingar knytt til desse områda.

Kommunereforma har hatt høg prioritet i 2018. Når det gjeld barn og unge og folkehelse viser vi til kapitla foran.



## Legetenesta



**Nøkkeltal frå dei 5 samanslåingskommunane og akkumulert Nye Ålesund (Kostra-tal publisert 15.03.19, førebels for 2018)**

Netto driftsutgift til diagnose, behandling og rehab. per innbygger	2015	2016	2017	2018
Nye Ålesund	1 463	1 507	1 640	1 881
Sandøy	1 854	1 489	1 821	1 938
Ålesund	1 223	1 331	1 455	1 652
Haram	2 029	2 040	2 242	2 701
Skodje	1 765	1 658	1 756	1 981
Ørskog	2 241	2 061	1 976	2 277
Kostragruppe 05	2 097	2 166	2 252	2 325

Årsverk av leger per 10 000 innbyggere	2015	2016	2017	2018
Nye Ålesund	-	-	-	-
Sandøy	11,8	12,0	11,9	12,1
Ålesund	8,5	8,4	9,3	8,4
Haram	8,5	8,9	8,9	8,8
Skodje	8,9	8,8	8,8	8,4
Ørskog	13,4	13,5	13,7	13,8
Kostragruppe 05	12,1	12,5	12,2	12,0

Reservekapasitet fastlege	2015	2016	2017	2018
Nye Ålesund	-	-	-	-
Sandøy	122,0	125,0	125,0	126,0
Ålesund	102,0	100,0	102,0	101,0
Haram	116,0	115,0	115,0	106,0
Skodje	108,0	106,0	104,0	99,0
Ørskog	104,0	104,0	103,0	103,0
Kostragruppe 05	132,0	129,0	126,0	127,0

Sandøy kommune har middels nivå på netto driftsutgifter til legeteneste og fysioterapi samanlikna med samanslåingskommunane når ein justerer for utgiftsbehov. Samanlikna med kostragruppe 05 har kommunen drifta desse tenestane rimeligare dei siste 4 åra.

Sandøy kommune har god lededekning og er nokså lik kostragruppe 05. Indikatoren «reservekapasitet fastlege» indikerar kapasiteten i forhold til antal pasientar på liste. Når verdien er over 100 betyr det at der er ledig kapasitet. Sandøy er den med høgast kapasitet samanlikna med samanslåingskommunane, og nokså lik kommunane i kostragruppe 05.

## Økonomisk resultat 2018

KOSTRA Funksjon		Rekneskap	Budsjett	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Avvik
		2017	2017	2018	2018	2018 (justert)	
233	Førebyggj. arbeid, helse og sosial	48	47	37	47	47	10
241	Diagnose/behandling/rehabilitering	3 476	3 170	3 233	3 343	3 343	110
<b>Totalt</b>		<b>3 523</b>	<b>3 217</b>	<b>3 270</b>	<b>3 390</b>	<b>3 390</b>	<b>120</b>

\*tal i heile tusen

Legetenesta, bestående av legekontoret og interkommunal legevakt, gjekk med eit lite mindreforbruk på kr. 120.000 i 2018. Dette skuldast i hovudsak statlege refusjonar.

## Medarbeider og arbeidsmiljø

Legetenesta har 3,5 årsverk der to av desse er lege og turnuslege. Dei planlagte årsverk for legesekretærar var ikkje nok for å yte tenestene for ei aldrende og sjukare befolkning. Årsverka vart derfor auka til 2,1 frå 2019.

## Teneste – brukar

Året 2018 bar preg av utfordringar med drift av legekontor i eit containerbygg med utilstrekkelege telefonanlegg, därleg mobildekking og dermed berre tilstrekkeleg legeteneste i Sandøy. Legetenesta hadde ikkje infrastruktur for å yte ei så bra legeteneste som innbyggjarane er vane med og kan forvente.

Fleire årsverk pluss nye legekontoret skal gi betre kvalitet framover.

Samarbeid mellom omsorgstenesta og legetenesta vart omorganisert og foregår no to gongar kvar veke eit helseteam og elles via elektronisk kommunikasjon. Dette er tidsbesparande utan at det går ut over kvaliteten på tenestene.

Forvaltningsdelen av legetenest er blitt betydeleg større i 2018. Dette på grunn av all planlegging av organisering av legetenesta i nye Ålesund og omlegging av turnustenesta til


LIS1 legar. (Lege i spesialisering første del) Med det siste har sentrale styresmakter pålagt primærhelsetenesta og spesialisthelsetenesta betydeleg meir forvaltningsarbeid.

At sentrale styresmakter pålegger helsetenesta generelt meir forvaltningsarbeid og primærhelsetenesten meir behandlingsansvar er ei utfordring. Dette til tross for at fastlegane og legeforeninga har formidla tydeleg til dei ansvarlege politikarane og offentligheita at fastlegetenesta er på et bristepunktet. Dette vil bli ei utfordring for nye Ålesund. Legeressursen i Sandøy er forholdsvis god.

Framtidig legevakt har vore tema i 2018. Aukra og Misund ønskjer eit samarbeid med Molde kommune. Samarbeidet er vidareført ut 2019. For Sandøy har det vore arbeidd med nye legevaktordning frå 2020 i nye Ålesund.



## Integrering



## Økonomisk resultat 2018

KOSTRA Funksjon		Rekneskap 2017	Budsjett 2017	Rekneskap 2018	Budsjett 2018	Budsjett 2018 (justert)	Avvik
242	Sosial rådgjeving og veiledning	1 023	1 144	818	977	847	29
265	Kommunalt disponerte bustader	180	-	-	-	-	-
275	Introduksjonsordning	1 126	1 205	1 662	1 505	1 505	-157
281	Ytelser til livsopphold	-	-	200	-	130	-70
<b>Totalt</b>		<b>2 329</b>	<b>2 349</b>	<b>2 680</b>	<b>2 482</b>	<b>2 482</b>	<b>-198</b>

\*tal i heile tusen

Integreringstenesta har eit lite meirforbruk i 2018 med kr. 198.000.  
Avviket stammar frå høgare introduksjonsstønad og arbeidsretta tiltak i introduksjonsprogrammet samanlinka med budsjett.

## Tenester

Sandøy kommune har framleis 20 busette flyktningar i kommunen. Det er ingen som så langt har flytta til andre kommunar.

Dei vaksne deltar i introduksjonsprogram, heil dag/heilt år. Ved hjelp av utvida timetal per veke til norskopplæringa hausten 2018 har ein stort sett klart dette. Ut over norskopplæring blir introduksjonsprogrammet brukt til språkpraksis, informasjon om ulike samfunnstema og bedriftsbesøk. Deltakinga her er regulert gjennom enkelvedtak og individuell plan, med tilhøyrande rettigheter og plikter. Ein av deltakarane avslutta programmet ved inngangen til 2019.

Det hastar med å finne ny bustad til ein familie på fem, som vert seks i løpet av juli i år. Dei bur allereie for trangt i kommunal leilighet i Skulevegen.

Barna tilpassar seg greitt opphold i barnehage og skule. Det er ikkje særskilde utfordringar å melde om, utover det som ein må rekne med i høve særskilt språkopplæring.

Barna deltek i Harøy Idrettslag sine aktivitetar (fotball) og kulturskulen. Dei vaksne er også med i aktivitetar i HIL (fotballtrening og dametrim), men har få fritidstilbod ut over dette.

Fleire frivillege stiller opp med transport og besøk. Dette blir koordinert gjennom Integreringstenesta si FB side for medlemmar, men også mykje føregår på det ein kan kalle naturleg vis, og det er det beste på sikt.

NAV og Integreringstenesta har faste møte kvar 14. dag. Hensikta med desse møta er å førebu overgangen frå introduksjonsprogram til eit ordinært liv med arbeid eller vidare utdanning. Rådgjevar har faste møte kva veke med lærar i norskopplæringa. Sektoransvaret fungerer godt.

Utfordringar:

- Dei vaksne har kome til Noreg utan dokumentasjon på utdanning eller arbeidserfaring. Dette er uråd å skaffe. I ein usikker arbeidsmarknad vil desse stille langt bak i køa. Dei som er aktuelle for vidare utdanning, får høve til dette, men først må dei ta norsk grunnskuleeksamen for i det heile tatt kvalifisere seg for vidaregåande utdanning. Dei kjem frå ein kultur der det er vanleg å skape sine eigne arbeidsplassar og livnære seg og familien på dette. Den norske arbeidsmarknaden er ikkje regulert slik at dette er like lett her. Manglande grunnskuletilbod for vaksne både i Haram og Sandøy er ei utfordring som vil forsterke seg framover. Mange av dei vaksne treng dette for å ta vidare utdanning.
- Alle ønskjer å halde fram med eit liv i kommunen etter avslutta introduksjonsprogram dersom ein får innpass i arbeidsmarknaden. Så lenge dei vaksne er i introduksjonsprogram vil dei halde fram med å bu her. Men vi ser at det er vanskeleg å få innpass i den lokale arbeidsmarknaden utan dokumentasjon på tidlegare utdanning og arbeidserfaring. Utan jobb kan vi ikkje rekne med at desse familiene vert verande her over tid.

Under normale omstende kan vi seie at Sandøy kommune i utgangspunktet ikkje har alt som skal til for å busette flyktningar. Men slik tilhøva var med flyktningstraumen til Noreg i 2015/16 var det rett at kommunen sa ja til busetting. Ideelt sett må ein kommune ha ressursar og fagmiljø til både å drive norskopplæring og grunnskuletilbod for vaksne på eit forsvarleg nivå, i tillegg må arbeidsmarknaden vere meir variert enn den er her i kommunen.

I tillegg ligg mange av tenestetilboda allereie i Ålesund (til dømes spesialisttenester), og det er både kostbart og tungvint å reise til og frå. Der ein har lukkast best er i skule og barnehage. Kommunen hadde allereie lang erfaring med å ta i mot utanlandske barn, og hadde allereie etablerte rutinar og system for å ta seg av dette.

## Prioriterte tiltak for 2018

Integrering
<ul style="list-style-type: none"><li>• Introduksjonsprogram i tråd med lov og forskrift</li><li>• Norskopplæring og arbeid eller utdanning for alle</li><li>• Samarbeid om inkludering</li></ul>

## Status og oppfølging

### Introduksjonsprogram i tråd med lov og forskrift

- I 2018 hadde Sandøy kommune 8 deltagarar med i kommunen sitt introduksjonsprogram. Programmet vart gjennomført i tråd med krava nedfelt i Introduksjonslova med forskrift. Dette inneber mellom anna individuelle planar for alle og revideringar av desse etter kvart som behov og framtidsofneskje endrar seg.

### Norskopplæring og arbeid eller utdanning for alle


- Kommunen hadde ikkje ønska timetal for norskopplæringa våren 2018, og måtte derfor kompensere med supplerande opplæringstiltak i regi av integreringsrådgjevar. Hausten 2018 kunne kommunen tilby eit tilfredsstillande timetal og gode lærarkrefter. Hovudfokus i introduksjonsprogrammet skal, og må, vere god norskopplæring. Den største utfordringa er den spesialiserte arbeidsmarknaden i kommunen som gjer det vanskeleg for innvandrarar som ikkje har hatt mulegheit til å ta med seg vitnemål og attestar frå heimlandet.

### Samarbeid om inkludering

- Sandøy kommune har ikkje frivillegentral, og samarbeid om inkludering vert derfor koordinert av integreringsrådgjevar. Dei kommunale einingane har eit særskilt ansvar, definert i «Busettingsplan for Sandøy kommune». Mange frivillede stiller også opp og bidrar på forskjellige område, men med ein frivillegentral kan mykje av dette arbeidet koordinerast på ein meir effektiv måte. Det viktigaste med inkluderingstiltak er at flyktingane deltar på normale aktivitetar/fritidstilbod sammen med dei norske. Det har vore prøvd diverse tiltak initiert frå kommunen si side, men utfordringa her er at nesten berre flyktingar møter opp, og ein får ikkje det samspelet ein er ute etter. Dette er lettare når det gjeld barna, dei deltar i ordinære fritidstilbod og ein oppnår den inkluderinga ein er ute etter.

## 7.2 Oppvekst og kultur

### Administrasjon




### Økonomisk resultat 2018

KOSTRA Funksjon		Rekneskap 2017	Budsjett 2017	Rekneskap 2018	Budsjett 2018	Budsjett 2018 (justert)	Avvik
201	Barnehage	297	320	475	391	421	-54
202	Grunnskule	290	344	745	786	816	71
383	Musikk- og kulturskular	62	84	-	196	-	-
385	Andre kulturaktivitetar og tilskudd til andre kulturbrygg	-	-	182	-	196	14
<b>Totalt</b>		<b>649</b>	<b>748</b>	<b>1 401</b>	<b>1 373</b>	<b>1 433</b>	<b>32</b>

\*tal i heile tusen

Administrasjon består av 100% einingsleiar 100%, 40% styrka ressurs til barn og unge, 65% merkantil ressurs. Auka i lønsutgifter frå 2017 til 2018 er grunna i tilsetjing av einingsleiar.

## **Undervisning**



**Nøkkeltal frå dei 5 samanslåingskommunane og akkumulert Nye Ålesund (Kostra-tal publisert 15.03.19, førebels for 2018)**

Netto driftsutgift grunnskule per innbygger 6-15 år	2015	2016	2017	2018
Nye Ålesund	-	-	-	-
Sandøy	143 318,5	140 000,0	141 993,9	151 216,9
Ålesund	91 625,3	94 821,0	96 516,5	98 912,7
Haram	105 424,7	108 784,6	110 544,5	122 040,4
Skodje	90 663,5	96 110,4	97 320,4	108 320,3
Ørskog	103 071,4	101 868,7	115 175,6	117 267,4
Kostragruppe 05	144 454,6	148 755,0	155 682,5	165 658,7

Brutto driftsutgift til SFO per bruker	2015	2016	2017	2018
Nye Ålesund	23 757	26 434	25 160	27 862
Sandøy	27 900	31 708	26 367	29 833
Ålesund	24 883	28 100	26 005	28 827
Haram	16 970	20 129	21 869	22 651
Skodje	20 400	17 160	18 715	23 081
Ørskog	29 802	32 579	33 953	36 016
Kostragruppe 05	26 956	27 643	28 737	30 168

Sandøy kommune brukar meir pengar på grunnskule samanlikna med samanslåingskommunane, men er noko lågare en kostragruppe 05. Sett bort frå 2016 har

desse utgiftene auka jamt dei siste åra. Drifta av skulefritidsordninga har svinga litt dei siste åra, men kommunen ligg på det øvre nivået samanlikna med dei andre kommunane.

<b>Andel elevar i grunnskule med spesialundervisning</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>
Nye Ålesund				
Sandøy	6,9 %	10,1 %	13,3 %	13,4 %
Ålesund	8,9 %	8,3 %	8,6 %	8,3 %
Haram	10,3 %	9,3 %	7,5 %	6,9 %
Skodje	9,7 %	10,0 %	11,8 %	12,4 %
Ørskog	13,4 %	12,9 %	11,3 %	10,1 %
Kostragruppe 05	9,9 %	9,8 %	9,6 %	9,2 %

<b>Gjennomsnittleg gruppestørrelse (1,- 10,årstrinn)</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>
Nye Ålesund	14,0	13,6	13,2	12,8
Sandøy	11,3	8,9	12,6	10,1
Ålesund	14,7	14,3	14,1	13,5
Haram	11,7	11,5	11,2	11,3
Skodje	13,8	13,8	12,5	11,9
Ørskog	12,6	12,8	9,2	11,5
Kostragruppe 05	9,5	9,4	9,3	8,9

Sandøy kommunen har størst andel med elevar i grunnskule som får spesialundervisning. Denne har auka i siste åra i kommunen, medan kostragruppe 05 har hatt nokså jamn utvikling. Gjennomsnittleg gruppestørrelse i grunnskulen har svinga dei siste åra. Sandøy har lågast størrelse samanlikna med samanslåingskommunane, men ligg over kostragruppe 05.

## Økonomisk resultat 2018

<b>KOSTRA Funksjon</b>	<b>Rekneskap 2017</b>	<b>Budsjett 2017</b>	<b>Rekneskap 2018</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Budsjett 2018 (justert)</b>	<b>Avvik</b>
202 Grunnskule	16 353	16 177	16 868	16 977	17 391	523
215 Skulefritidstilbod	393	488	483	319	319	-164
222 Skulelokaler	413	443	401	451	451	50
223 Skuleskyss	515	577	505	588	588	83
<b>Totalt</b>	<b>17 674</b>	<b>17 685</b>	<b>18 257</b>	<b>18 335</b>	<b>18 749</b>	<b>492</b>

\*tal i heile tusen

Det er mindreforbruk i tenesta samla sett. Dette skuldast i hovudsak vakanse i inspektørstillinga i delar av året og at utgifter til skuleskyss og skulelokale var forventa å koste meir. SFO har eit meirforbruk grunna prioritering om å styrke bemanninga for å møte behov i elevgruppa.

## Medarbeider og arbeidsmiljø

Tenesta har hatt om lag 27 årsverk.

Skulen har hatt fleire tilsette som har gått av med avtalefesta pensjon i løpet av året. Det er tilsett 2 årsverk lærar, miljøterapeut og sosiallærar til oppstart av nytt skuleår. Inneverande skuleår har eininga tatt inn lærling i barne- og ungdomsarbeiderfaget.

Det er frå skuleåret 2018/2019 lukkast å rekruttere teamleiar på alle tre teama. Det er eit mål at tilsettinga vil betre samarbeid på team og utvikling i det pedagogiske arbeidet.

Ein tilsett gjennomførte vidareutdanning våren 2018, og to tilsette er i delvis utdanningspermisjon skuleåret 2018/2019. Dette for å stette kompetansekrava i faget matematikk. Det er òg lagt til rette for at ein tilsett tek vidareutdanning i naturfag.

To av dei tilsette har deltatt på kurs og oppfølging frå læringsmiljøsenteret i Stavanger saman med rektor og PTT. Dei gjennomførte ein skulering i «det psykososiale miljøet» for å danne eit eige innsatsteam mot mobbing (SIM). Teamet vil også vere med i eit nettverk med tilsvarende team på andre skular for å lære av andre sine erfaringar.

Studiedagar i forkant av nytt skuleår hadde tema «eleven sitt psykososiale miljø». Alle tilsette deltok på ein felles fagdag med læringsmiljøsenteret om tema før oppstart av nytt skuleår.

Det har vore kompetanseheving for dei tilsette i Microsoft 365 på fellesmøte, og dei tilsette har teke i bruk Microsoft Teams i arbeid med elevar og for samarbeid i kollegiet. Det er kjøpt inn sju nye digitale tavler. Det er gjennomført kurs i desse tavlene og i diverse IKT verktøy for alle lærarar. Alle dei tilsette har fått nye Pcar, og det er kjøpt inn eit nytt klassett til elevar etter oppsett plan.

To tilsette har gjennomført HOT si satsing «velferdsteknologiens ABC». Ein kan sjå for seg i framtida at digitale løysingar kan gjere at elevar kan få meir meistring i livet sitt, både heime og i skulekvardagen.

Det har blitt gjennomført ei intern rettleatingsgruppe for kompetanseheving innanfor autismespekterforstyrringar. Deltakarane melder tilbake om at denne gruppa er svært nyttig for å kunne dele erfaringar og lære av kvarandre.

Det er utarbeidd lokale læreplanar i dei praktisk estetiske faga på studiedagar vårhalvåret, samt lokal plan for lesing og IKT. Dette er eit arbeid som har vore etterlengta og etterspurta i fleire år.

Det er gått vernerunde i einiga. Det er utarbeidd handlingsplan og sett i verk tiltak for å lukke avvika.

## Tenester

Talet på elevar pr. 31.12.18 er 163, ein liten nedgang frå i fjar.

Det er auke i vedtak om spesialpedagogisk hjelp i 2018 sjølv om skulen har gjort eit godt stykke arbeid saman med PPT for å få til ei dreining frå spesialundervisning til tilpassa opplæring. Det er starta eit arbeid med å innføre to-lærar system i kjernefaga norsk, matematikk og engelsk med mål om tidleg innstads og inkludering.


Lærarar gir tilbakemelding om ein auke i uro i klassemiljøet på 1.- 7. trinn. Skulen har sett inn mykje ressursar for å møte behova. Målsettinga med å setje inn desse ressursane er å fremme eit godt miljø for læring. Skulen samarbeider med foreldre og andre einingar for å lukkast.

Skulen har eit aktivt elevråd som har arbeidd med mellom anna desse sakene: meir positiv aktivitet i elevmiljøet med temadagar, vennebenk og aktivitetar i friminutt. Det er også

utarbeidd plan for uteområdet for ungdomstrinnet der arbeidet er starta opp og skal vidareførast våren 2019.

FAU har vore aktiv og arbeidd med forslag om å få inn klassetur for 10. trinn i skuletida, felles sommarfest og for å få overbygg ved inngangar /uteskur.

Det er gjennomført foreldremøte på alle trinn hausten 2018, og det er gjennomført elevsamtalar og utviklingsamtalar med alle elevane etter oppsett plan.



Elevoppslug Harøy skule.

## Brukar og innbyggjar

Tilstandsrapport for 2018 vart lagt fram for kommunestyret 20.9.18. Rapporten viser at Sandøy kommune ligg gjennomgåande noko under landsgjennomsnittet for læringsmiljøet, med unntak for støtte fra lærarane på trinn 7 der resultatet er meir positivt. Læringsresultatet varierer, men ligg samla sett litt i underkant av gjennomsnittet for landet.

Grunnskolepoeng er summen av standpunkt og eksamen og er eit mål for det samla læringsutbyttet for elevar som får sluttvurdering med karakterar. Desse blir brukt som grunnlag for opptak til vidaregåande skole. For skuleåret 2017-2018 var gjennomsnitt grunnskuleskulepoeng 40,1 i Sandøy kommune. Dette noko under fylkesgjennomsnittet (41,8) og landsgjennomsnittet (41,8)

Skulen gjennomførte eksamen i faga engelsk, matte og naturfag med godt resultat. Eksamensresultatet for 2018 er høgre enn gjennomsnittet for fylket og nasjonalt.

Då prøveresultata frå dei nasjonale prøvene vart offentlegett, gjekk kollegiet gjennom resultatet saman. Denne økta var veldig lærerik og resulterte i mange tankar og refleksjonar. Dei ulike teama vart utfordra til å arbeide vidare for å finne styrkar og utfordringar ved undervisninga og forslag til tiltak.

Resultatet på nasjonale prøver kan tyde på at satsinga på lesing i alle fag gjev resultat. På ungdomstrinnet har ein betre resultat i lesing enn i fjar. Ein følgjer dette framover for å sjå om trenden er vedvarande.

Årets 7. klasse var våren 2018 på besøk ved [Newtonrommet](#) som ligg i Norsk maritim kompetansesenter i Ålesund. Her deltok dei i praktisk og utforskande undervisning i

matematikk, naturfag og teknologi. Dei fekk prøve nytt og spennande utstyr, og dei møtte ein engasjert og dyktig Newton-lærar.

Klassa deltok òg på [FIRST® LEGO® League](#) på Norsk maritim kompetansesenter i november. Ein kunnskaps- og teknologikonkurranse som skal inspirere barn og unge i alderen 10-16 år til å bli morgondagens ingeniørar, forskarar og problemløysarar. Dei hadde arbeidd lenge og godt med årets oppdrag INTO ORBIT, eit oppdrag i verdsrommet. Dei skulle i oppgåva peike på ei fysisk eller sosial utfordring som menneske møter når dei utforskar verdsrommet innanfor vårt solsystem i lange periodar, og foreslå ei løysing på denne utfordringa. Laget «utvikla» ein leseapp der ein kunne kapplese med astronautane. I tillegg skulle dei gjennomføre ulike oppgåver og programere ein robot. Det var stort fokus på kjerneverdiar, delingskultur og positive læringsituasjonar. «Born2know» kom på 6.plass av 24 lag. Laget vart nominert til kjerneverdiprisen.

Vi har gjennomført ei rekke aktivitetar som fremjer trivsel og samhald, til dømes aktivitetsdagar, felles julefest, Tinestafett. Fleire klassar har vore i Røsokvika å nyta MAKs både før og etter ferien, delar av u- trinnet gjekk Midsundtrappene i august og elevar og lærarar frå 5.-7. trinn deltok i [Flash mob dance](#) for nye Ålesund.

Handlingsplan for det psykososiale miljøet til elevane har blitt revidert og utvikla etter ny lov og gjennomgått med tilsette og foreldre. Ordensreglane har blitt revidert og er godkjent i samarbeidsutvalet ved skulen.

## Prioriterte tiltak for 2018

Kvalitet	Folkehelse	Digitalt førsteval
<ul style="list-style-type: none"><li>Tidleg innsats og tilpassa opplæring</li><li>Sterkare foreldre- og elevinvolvering</li><li>Utarbeide og følge opp tilstandsrapport i grunnskule</li><li>Felles utvikling og praksis</li><li>Djupnelæringsgrunnleggande ferdigheter.</li><li>Lesing i alle fag</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>Ny lov frå 1.8.17 om eleven sitt psykososiale miljø krev kompetanseheving, felles praksis og revidering av plan</li><li>Undervisningsprogram på barnetrinn om sosial kompetanse, empati og problemløysing</li><li>Undervisningsprogram på ungdomstrinn for å gje elevane reiskap til å fremme god psykisk helse</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>Oppstart av IST (fagsystem)</li><li>Implementering av Office 365</li><li>Auke fagleg og pedagogiske bruken av IKT i læringsarbeidet</li></ul>

## Status og oppfølging

### Tidleg innsats og tilpassa opplæring

- Tilpassa opplæring har blitt arbeidd med i fellesid i samarbeid med PPT vårhalvåret. Dette vert arbeidd med i fellesid og på studiedagar
- Temaveke med psykisk helse som tema, vart gjennomført for elevane i februar. Same veke var det tilbod om kurs for tilsette og foreldre i psykologisk førstehjelp.
- Det er gjennomført undervisningsprogram på barnetrinn for å fremme sosial kompetanse, empati og problemløysning. I tillegg undervisningsprogram på mellom- og ungdoms-trinn for å gje elevane reiskap til å fremme god psykisk helse.
- MOT i skulen er gjennomført etter oppsett plan
- Avdeling førebyggjande, Sunnmøre politi, hadde i juni foredrag om nettvett for elevar på 7.-10. trinn, tilsette og foreldre.

- Deltaking på satsinga: Kva er viktig for oss?

#### **Utarbeide og følge opp tilstandsrapport i grunnskule**

- Ny tilstandrapport føreligg og er godkjent i kommunestyret.

#### **Felles utvikling og praksis**

- Felles utvikling av praksis er eit kontinuerleg arbeid som har høg prioritet.


#### **Lesing i alle fag**

- Det har blitt utarbeidd ein leseplan. I tillegg har utviklingsplan for skuleåret 2018/2019 mål og tiltak på området.

#### **Implementering av Microsoft 365 og auke fagleg og pedagogiske bruken av IKT i læringsarbeidet.**



## Vaksenopplæring



## Økonomisk resultat 2018

KOSTRA Funksjon	Rekneskap 2017	Budsjett 2017	Rekneskap 2018	Budsjett 2018	Budsjett 2018 (justert)	Avvik
213 Vaksenopplæring	-446	459	-212	283	-131	81

\*tal i heile tusen

Sandøy kommune har hatt hand om vaksenopplæringa sjølv også i 2018. Det var 8 deltakarar med i vårsemesteret og 10 i haustsemesteret. Norskopplæringa i kommunen er ikkje berre for flyktningar, men vi ser at dei som ikkje har rett og plikt (arbeidsinnvandrarar) ikkje melder seg på norskurs. Ei av forklaringane er nok at desse må betale deltakaravgift sjølv.

Timetalet vart auka frå 12 til 16 timer per veke i haustsemesteret, i tillegg til individuell opplæring for enkelte. Det vart også starta opp med grunnskuleopplæring i nokre fag for ein av deltakarane hausten 2018.

To av deltakarane avla og besto norsk språktest våren 2018. Resten skal ta denne prøva våren 2019.


Vaksenopplæringa har no flytta til eige lokale i ei nedlagt avdeling i barnehagen. Dette fungerer svært godt.

Det er faste møter ein gong i veka mellom lærar og rådgjevar integrering. Dette har vore viktig for å koordinere arbeidet, og desse tenestene har hatt fleire felles arrangement i løpet av året.

Behovet for grunnskuleopplæring for vaksne er stort, og sjølv om vi kan klare å gi undervisning i enkelte fag, synes det klart at eit fullverdig tilbod i Ålesund er å føretrekke. Haram har heller ikkje dette tilbodet.



## Barnehage



**Nøkkeltal frå dei 5 samanslåingskommunane og akkumulert Nye Ålesund (Kostra-tal publisert 15.03.19, førebels for 2018)**

Netto driftsutgifter barnehagesektor i prosent av total netto driftsut.	2015	2016	2017	2018
Nye Ålesund	16,2 %	16,2 %	16,0 %	13,1 %
Sandøy	11,2 %	10,2 %	9,8 %	8,8 %
Ålesund	17,0 %	17,0 %	16,8 %	12,7 %
Haram	14,6 %	14,6 %	14,9 %	14,3 %
Skodje	16,1 %	16,1 %	15,0 %	16,1 %
Ørskog	12,9 %	13,4 %	13,6 %	12,3 %
Kostragruppe 05	8,4 %	8,6 %	8,7 %	9,2 %

Netto driftsutgift per innbygger 1-5 år	2015	2016	2017	2018
Nye Ålesund	134 178	142 044	144 979	129 153
Sandøy	159 141	174 211	181 056	200 674
Ålesund	136 473	144 836	146 074	123 703
Haram	127 757	129 692	138 127	137 181
Skodje	114 982	126 780	129 959	133 009
Ørskog	149 657	160 124	175 361	182 853
Kostragruppe 05	133 659	147 808	156 975	171 759

Sandøy kommune har redusert barnehagesektoren siste åra i takt med reduksjon i barnetalet. Kommunen har lågast verdi samanlikna med resten av gruppa, men ser ein nærmare på andelen per innbygger i målgruppa så ligg kommunen fortsatt høgt samanlikna både med samanslåingskommunane og kostragruppe 05. Reduksjonen på barnehageområdet har vore riktig prioritering for kommunen sett opp mot antal barn i kommunen.

## Økonomisk resultat 2018

KOSTRA Funksjon		Rekneskap 2017	Budsjett 2017	Rekneskap 2018	Budsjett 2018	Budsjett 2018 (justert)	Avvik
201	Barnehage	7 907	8 803	6 998	8 651	7 987	989
211	Styrka tilbod til førskulebarn	543	618	433	697	697	264
221	Barnehagelokaler og skyss	121	0	-7	20	20	27
<b>Totalt</b>		<b>8 571</b>	<b>9 421</b>	<b>7 423</b>	<b>9 368</b>	<b>8 704</b>	<b>1 281</b>

\*tal i heile tusen

Barnehagen har eit mindreforbruk samla sett. Dette skuldast i hovudsak at vi ikkje har nytta like mange årsverk i tenesta som budsjettet. Dette er i tråd med nedgang i barnetal. Det er også lågare utgifter på styrka tilbod / spesialpedagogiske tiltak enn budsjettet. Vidare har barnehagen hatt høgare inntekter enn budsjettet. Dette skuldast m.a. refusjon av sjukepengar, ulike tilretteleggingsmidlar, kompetansemidlar, samt høgare oppholdsbeløting enn budsjettet pga mindre andel reduksjonsordningar enn forventa.

Det er likevel forventa at barnehagen får høge Kostra-tal. Moment som påverkar dette, vil mellom anna vere utgifter knytt til ungdomsretta tiltak, permisjonar og vikarutgifter knytt til tillitsvalde/ kommunereformsarbeid, tilsette under utdanning, høge vikarutgifter pga høgt sjukefråver, samt utgifter knytt til ulike kompetansehevingstiltak. Ungdomsretta tiltak inkluderer både høgare bruk av ferievikarar enn tenesta hadde behov for i høve barnetal, og bruk av ekstrahjelp knytt til ulike kompetansehevingstiltak i sommarmånadene. At barnehagen er sommaropen kan og påverke Kostra-tal samanlikna med andre, i tillegg til at barnehagen hadde assisterande styrar i 50 % fram til august.

## Tenester

Per 30.04.2018 hadde barnehagen 54 barn, og per 31.12.2018 hadde barnehagen 43 barn. Dette utløyste med bakgrunn i alderssamansetting i barnegruppene, hhv 71 og 58 plassar. Rett til barnehageplass er oppfylt. Det har vore både oppseiingar av plass og oppstart av nye barn etter august 2018, men ikkje all ledig kapasitet var fylt opp per 15.12.18. Dette vil kunne påverke barnehagen sine Kostra-tal. Det er nokre få som nytta deltidstilbod, men ikkje nok til at dette utløysar fleire ledige heiltidsplassar. Barnehagen har i 2018 gjeve plass til 3 barn busett i annan kommune. Desse utløyste 5 plassar og bemanningsbehov på minimum 0,8 årsverk etter lovkrav frå august 2018. Dette vil påverke barnehagen sine Kostra-tal.

Personalressurs per 12.08.18 var 15,3 årsverk, av dette var 1,5 årsverk administrasjon, 0,8 årsverk styrkingstiltak/spesialpedagogiske vedtak og 1 årsverk lærling. Personalressurs per 31.12.18 var 12,5 årsverk, av dette var 1 årsverk administrasjon, 0,6 årsverk styrkingstiltak/spesialpedagogiske vedtak, 0,5 årsverk kjøkkenassistent (prosjektstilling) og 0,4 årsverk er knytt til ei langvarig sjukmelding der vi ikkje har sett inn vikar. I tillegg har barnehagen gjort avtale med NAV om ein varig tilrettelagd arbeidsplass på om lag 0,7

årsverk i løpet av hausten. Det var budsjettet med 14,5 årsverk for 2018. Nøkkeltal frå barnehagefakta.no viser at barnehagen i 2018 har 5,8 barn per tilsett.

Lovkrav knytt til pedagognorm og bemanningsnorm er oppfylt etter nye krav. Vi har per 31.12.2018 pedagogressurs i 5 årsverk, i tillegg til styrar. Vi har ingen på dispensasjon. Ny pedagognorm har medført behov for ulike tilpassingar i høve fordeling av ansvar og oppgåver knytt til det pedagogiske arbeidet i barnegruppene. Dette arbeidet må vidareførast i 2019. Nøkkeltal frå barnehagefakta.no viser at vi i 2018 har 50 % andel av tilsette med utdanning som barnehagelærar, 8 % andel tilsette med anna pedagogisk utdanning og 34 % andel av tilsette med kompetanse som barne- og ungdomsarbeidarar eller tilsvarande. Høg andel barnehagelærarar og fagarbeidarar kan sjåast som ein kvalitetsindikator på tenesta.

I det pedagogiske arbeidet har det vore lagt vekt på implementering av ny rammeplan, utarbeiding av ny årsplan, samt særskilt fokus på satsingsområda språk og sosial-emosjonell utvikling. Frå oppstart av barnehageåret 2018/2019 har storbarnsgruppa gjennomført systematiske førebyggings- og styrkingstiltak gjennom språkgrupper, leik- og samspelsgrupper, samt sprett-grupper i samarbeid med fysioterapeut. I arbeidet med Språkløyper har vi i det pedagogiske arbeidet hatt særleg fokus på moment som språkleg variasjon, språk og deltaking i leik, språkarbeid i overgangssituasjonar, språkvanskar, observasjon, faktorar som kan påverke språkutvikling, samt vidareføring av tidlegare arbeid med bøker og leseglede.

Det er gjennomført foreldremøte og foreldresamtalar i tråd med oppsette planar, og spesialpedagogiske vedtak er m.a. fulgt opp gjennom utarbeiding av individuelle pedagogiske planar og rapportar. Barnehagen samarbeider med fleire tenester i oppfølging av einskildbarn og familiar.

## **Brukar og innbyggjar**

Barnehagen har ikkje gjennomført nasjonal foreldreundersøking i 2018. Dette skuldast i hovudsak mangel på kapasitet i leiinga, både på grunn av reduksjon i administrasjonsressurs og deltaking i arbeidet med kommunenesamslåing. Det var vidare gjeve tilbakemelding frå foreldre at det ikkje er naudsynt å gjennomføre denne kvart år, men heller annakvart år. Handlingsplan frå undersøkingar tidlegare år vert fortsatt arbeidd med.

Det er gjennomført fleire møte i Samarbeidsutvalet, der saker som foreldreundersøking 2017, budsjett, foreldremøte, opptak, samarbeid barnehage og fysioterapeut, barnehagerute, årsplan, svømmekurs, forventningar frå foreldre til barnehagen og informasjon om prosessar i Nye Ålesund har vore tema.

Barnehagen har utarbeidd og iverksett ny plan og årshjul for foreldremøte i tenesta, med utgangspunkt i førebyggande folkehelsearbeid. Det vert arrangert fleire foreldremøte knytt til ulike milepælar / årskull i barnehagen i samarbeid med andre tenester. Foreldrerolla, barna si utvikling på ulike alderstrinn og samarbeid mellom heim og barnehage er viktige moment knytt til dette. Hausten 2018 gjennomførte vi første temamøte for alle foreldre med 3-4 åringer i samarbeid med PPT og helsestasjon. Det kom gode tilbakemeldingar på dette.

## **Medarbeidar og arbeidsmiljø**

Det vart gjennomført medarbeidarsamtalar vinter 2018, der tilbakemeldingane jamt over var positive, og tilsette melder om godt arbeidsmiljø og trivsel.

To lærlingar fullførte fagbrev som barne- og ungdomsarbeidarar våren 2018 med gode resultat. Ein tilsett fullførte studiet «Psykososialt arbeid med barn og unge» i løpet av våren,

ein tilsett tek barnehagelærarutdanning deltid og ein tilsett tek studiet «Barn med særskilte behov». Vi har hatt interne kompetansehevingstiltak knytt til implementering av ny rammeplan, fagtema om barns utvikling av sjølvregulering, samt internkontroll med fokus på førstehjelp og brannvern. I tillegg har personalet fullført kompetansepakken «Språkhverdag» og er godt over halvvegs med pakken «Språkvanskar». Vi har hatt ergonomikurs i samarbeid med fysioterapeut frå Medi3, fått opplæring om GDPR, og hatt fagleg innlegg på personalmøte med barneverntenesta i Ålesund.

Samla sjukefråver er 9,5 % for 2018. Om lag 50 % av dette er sjukmeldingar. Fleire tilsette har kroniske helseplager som påverkar arbeidsevne i barnehagen, og som kan medføre behov for tilrettelegging. Det er lite moglegheit for tilrettelegging i arbeidet på avdeling, utover bruk av ergonomiske hjelpemiddel, utan at det medfører auka belastning på resten av personalet. Tiltak som følgje av tilretteleggingsmidlar frå NAV, har hatt god effekt. Der har vi ved fleire høve kunna gje tilsette meir tilrettelagde arbeidsoppgåver og slik hatt høgare jobbnærvær og mindre sjukefråver enn tidlegare. Det er høg andel eigenmeldingar for sjuke barn i tenesta. Refusjon sjukepengar er høgare enn utgifter for sjukevikar i 2018.

Utfordringar med overtalige er for 2018 løyst gjennom avtalefesta pensjon, varig omplassering til anna teneste, samt at tenesta har tilsette i permisjon.

## Prioriterte tiltak for 2018

Folkehelse	Kompetanse og kvalitet	Full barnehagedekning
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Fokus på barns psykiske helse og barns trivsel</li> <li>• Auka fokus på å førebyggje, avdekke og hjelpe barn som har det vanskeleg</li> <li>• Fokus på samarbeid med heimen</li> <li>• Utarbeide plan og retningslinjer for arbeid med psykososialt miljø</li> <li>• Vidareføre fokus på relasjonskompetanse og kvalitet i samspel med barn</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ny rammeplan for barnehagen; kompetansehevingstiltak og implementeringsarbeid</li> <li>• Revisjon av styringsdokument, planar, prosedyrer og retningslinjer i tråd med ny rammeplan for barnehagen</li> <li>• Kompetansehevingstiltak i tråd med «Kompetanse for fremtidens barnehage 2018-2022» og «Kompetanseplan 2014-2020»</li> <li>• Gjennomføre «Språkløyper» i tråd med nasjonal strategi for lesing og skriving</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Legge til rette for ein opptakskapasitet som er eit attraktivt tilbod for å skape stabilitet, rekruttering og tilflytting</li> </ul>

## Status og oppfølging

### Folkehelse

- Psykisk helse og trivsel hos barn: Det er arbeidd i personalgruppa med Rammeplan for barnehagen sitt verdigrunnlag med særleg fokus på Livsmestring og helse, samt fagtema i personalet om barns utvikling av sjølvregulering. I tillegg er det gjennomført systematiske tiltak i barnegruppene knytt til sosioemosjonell utvikling og systematisk opplegg for 4-åringar med fokus på fysisk helse og rørsleglede i samarbeid med fysioterapeut.
- Førebyggje, avdekke og hjelpe barn som har det vanskeleg: følgje opp plan «Når tilsette er bekymra for eit barn». Styrar har delekte på avdelingsmøte og i prosessar knytt til barn og familiar med behov for ekstra støtte. Det har vore iverksett handlingsplan og systematiske tiltak knytt til utfordringar i barnegrupper og for einskildbarn. Det er gjennomført samarbeid med helsestasjon knytt til 4-årskontroll. Det er gjennomført systematiske språkgrupper hausten 2018.

- Samarbeid med heimen: Det er arbeidd med å tydeleggjere forventningar frå barnehagen til foreldre, og frå foreldre til barnehagen. Foreldremøte med tema 3-4 åringen i samarbeid med PPT og helsestasjon er gjennomført.
- Plan og retningslinjer for arbeid med psykososialt miljø: sjåast på i samband med harmonisering på barnehageområdet i Nye Ålesund
- Videreføre fokus på relasjonskompetanse og kvalitet i samspel med barn: alt fagleg arbeid i personalgruppa vert kontinuerleg knytt opp til relasjonskompetanse, samt at relasjonsarbeid ligg til grunn for alle systematiske tiltak i barnegruppene og som grunnleggande forståing i bruk av ulik type pedagogisk materiell.


### **Kompetanse og kvalitet**

- Ny rammeplan og kompetansehevingstiltak i tråd med kompetansestrategi: Det er samarbeid med barnehagar i Nye Ålesund og Høgskulen i Volda om prosjekt for barnehagebasert kompetanseutvikling; «Opp og fram – ein nyskapande barnehagesektor». Barnehagen har sett i gang utviklingsprosjekt knytt til progresjon og vurdering i samband med dette. Arbeidet videreførast i 2019. Pedagoggruppa har starta eit arbeid knytt til kvalitet og fagleg standard. Arbeidet videreførast i heile personalet i 2019.
- Revisjon av styringsdokument m.m i tråd med ny rammeplan: Fornying av årsplan for barnehagen hausten 2018, samt fornying av arbeidstidsavtale for pedagogisk personale i tråd med ny pedagognorm, elles vert dette prioritert i samband med harmonisering på barnehageområdet i Nye Ålesund.
- Språkløyper: kompetansepakke «Språkhverdag» er fullført og «Språkvansker» er påbegynt. Språkvanskars forventast fullført i løpet av mars 2019.


### **Full barnehagedekning**

- Rett til barnehageplass er oppfylt.
- Alle som søkte til oppstart i hhv januar 2018 og august 2018 fekk tilbod om plass.

## Kultur og frivillighet



Dette brukar Sandøy kommune kulturbudsjettet på:



**Nøkkeltal frå dei 5 samanslåingskommunane og akkumulert Nye Ålesund (Kostra-tal publisert 15.03.19, førebels for 2018)**

Brutto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskular per bruker	2015	2016	2017	2018
Nye Ålesund	20 849	20 986	22 009	23 324
Sandøy	29 646	20 712	17 857	22 636
Ålesund	20 993	20 749	22 048	24 366
Haram	21 371	23 808	24 943	26 846
Skodje	15 578	19 449	15 987	15 860
Ørskog	16 622	19 915	26 340	12 608
Kostragruppe 05	18 578	17 627	19 314	22 072

Andel elevar i grunnskulealder i kulturskule	2015	2016	2017	2018
Nye Ålesund	19,3 %	19,2 %	19,2 %	18,8 %
Sandøy	30,6 %	42,6 %	42,7 %	33,1 %
Ålesund	20,1 %	20,1 %	20,5 %	19,4 %
Haram	16,3 %	14,4 %	13,6 %	13,4 %
Skodje	10,3 %	11,2 %	11,7 %	13,4 %
Ørskog	27,9 %	23,9 %	19,0 %	33,7 %
Kostragruppe 05	27,5 %	30,8 %	29,3 %	27,1 %

Besök per kinoforestilling (antal)	2015	2016	2017	2018
Nye Ålesund	-	-	-	-
Sandøy	52,7	49,7	30,6	33,1
Ålesund	35,6	36,5	32,0	30,3
Haram	33,1	29,3	22,2	19,2
Skodje	-	-	-	-
Ørskog	47,4	45,7	33,0	36,1
Kostragruppe 05	23,8	25,9	22,3	21,3

Bibliotek, brutto driftsutgifter beløp per innbygger	2015	2016	2017	2018
Nye Ålesund	-	-	-	-
Sandøy	394	499	519	599
Ålesund	211	218	220	236
Haram	303	299	310	317
Skodje	171	161	163	186
Ørskog	871	204	932	857
Kostragruppe 05	424	467	451	455

Statistikken viser ein nedgang i brutto driftsutgifter til kulturskule i Sandøy kommune (beløpa er justert for utgiftsbehov). I 2018 er ein på same nivå som kostragruppe 05, men samalikna med dei andre samanslåingskommunane er kommunen på middels nivå. Dekningsgraden i kulturskulen for innbyggera i alderen 6-15 år er høg i Sandøy og Ørskog kommune. Sjølv med ein negang i antalet frå 2016-2017 til 2018, så ligg Sandøy kommune over kostragruppe 05.

Antal besökende per kinoforestilling viser negang frå 2015 og 2016 nivå, men kommunen har fleire besökande samalikna med kostragruppe 05. Av samanslåingskommunane er det kun Ørskog som har betre besökstal per forestilling.

Biblioteket har vore prioritert i eininga i Sandøy kommune og nivået har vore høgare enn kostragruppe 05 sidan 2017. Samanlikna med dei andre samanlikningskommunane er det kun Ørskog kommune som ligg høgare på driftsutgifter per innbyggjar til bibliotek.

## Økonomisk resultat 2018

KOSTRA Funksjon		Rekneskap	Budsjett	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Avvik
		2017	2017	2018	2018	2018 (justert)	
231	Aktivitetstilbod barn og unge	1	32	-5	49	49	54
365	Kulturminneforvaltning	-	-	3	-	-	-3
370	Bibliotek	615	617	761	829	829	68
373	Kino	3	-	10	-	-	-10
375	Museer	-	21	82	58	58	-24
377	Kunstformidling	-	21	11	21	21	10
380	Idrett og tilskudd til andres idrettsanlegg	505	443	401	451	451	50
383	Musikk- og kulturskular	832	939	962	1 032	1 032	70
385	Andre kulturaktivitetar og tilskudd til andre kulturygg	137	134	68	135	135	67
<b>Totalt</b>		<b>2 093</b>	<b>2 207</b>	<b>2 294</b>	<b>2 575</b>	<b>2 575</b>	<b>281</b>

\*tal i heile tusen

## Tenester

### Bibliotek

Det har vore arbeidd aktivt for i større grad å gjere biblioteket til ein møteplass for innbyggjarane. Sandøy folkebibliotek arrangerte frå juni til august Sommarles 2018, ein lesekonkurranse for barn i alderen 0-13 år. Sandøy kommune gjorde det godt på landsbasis med tanke på deltaking pr elevtal.

I september arrangerte biblioteket framsyning av teaterforestillinga Brune som avslutning på Sommarles.

Biblioteket hadde mot slutten av 2018 opptil 7 klassebesøk i veka i tillegg til eventyrstunder og besøk av SFO og Harøy barnehage.

I samarbeid med biblioteka i Haram, Skodje, Ørskog og Ålesund har biblioteket i Sandøy søkt om og fått midlar til Makerspace-arrangement. Planlegginga starta i 2018 og i 2019 skal det haldast fem ulike typar arrangement som går på rundgang mellom dei fem biblioteka.

Biblioteket starta året med å ha opent 18 timer i veka fordelt på fire dagar, og gjekk i september over til å ha opent 25 timer i veka.

Biblioteket er eit kombinasjonsbibliotek med både skule- og folkebibliotek. Talet på besøk viser teikn til oppgang med rundt 50-60 besøkande kvar opningsdag. Biblioteket har eit høgt og jamt utlån av barnebøker. I takt med endringar i samfunnet, og det at fleire brukar internett, vert det kjøpt inn færre filmar og musikk på biblioteket. Talet på fjernlån ha auka svært mykje takka vere at biblioteket har blitt med på roda til Nasjona bibliotektransport.

### Kulturskule

Det har dessverre vore lite tilsig av nye elevar 2018. Vi har hatt 6 personalmøte ila året og det siste var utelukkande med fokus på hvordan vi kan jobbe meir med rekruttering. Det vert igangsett tiltak vår 2019.

Kulturskulen har 4 tilsette, i tilsaman 2 årsverk. I dette inngår 20% administrasjonsressurs.

Kulturskulen har 53 elever på totalt 60 elevplassar. Det vert undervist i song, piano, trommer, blåseinstrument og drill. Undervisninga vert gitt både i form av individuell og gruppeundervisning. I tillegg til fast ukentleg undervisning, arrangerte kulturskulen 4 konserter.

Kulturskulelever er aktive og spelar på andre arrangement som for eksempel kommunestyremøter, møter i pensjonistforeninga og på sjukeheimen, juleavslutning, 1.mai-arrangement og sjølvsagt på 17. mai.

Kulturskulen sel tenester til Harøy skulekorps, der alle medlemmane er elevar i kulturskulen. Korpset er veldig aktive og held god kvalitet. Dei har tre faste konserter i året i tillegg til å delta på konkurransar og 17. mai.

Kulturskulen sel også ressurs inn mot grunnskolen i form av KIS (korps i skolen). Alle elevar i 3. klasse lærer å spele eit instrument gjennom eit helt år. Klassekorps opptrer på juleavslutning, 1 og 17 mai.

Kulturskulen er også teknisk arrangør for Den kulturelle skulesekken.

Teamleiar har også vore aktiv innen samanslåing av Nye Ålesund kommune og delteke på ei rekke møter innan K5.

Målet er å skape tette band mellom Nordøyana når vegen kjem og skape eit senter for kultur på Sandøy i samarbeid med dei andre øyana då vi sitter på gode lokaler og kompetanse.

Dette er Sandøy kulturskule sitt siste år som eigen institusjon og vi ser fram til eit spanande samarbeid i Nye Ålesund med utvida område og elevmasse samt eit hav av gode kollegaer.

## Aktivitetstilbod barn og unge

### **Kvalen**

Ungdomsklubben Kvalen, som held til i kjellaren på Kvalheim, har opent kvar fredag kl. 19.00-23.00 for ungdom frå og med 8. klasse til og med 18 år. Klubben er stengt i skuleferiar. Klubben har vore godt besøkt, med 25-50 ungdommar på Kvalen kvar fredag, då vanlegast ein stad mellom 30 og 40. Besøkstala er på same nivå som i 2017/18.

Kvalen er ein uformell treffstad som ungdom i Sandøy kommune har eigarskap til. Her er ungdommane sosiale på deira premissar og aktiviserast gjennom blant anna biljard, airhockey, bordtennis, brettspel, playstation med VR-briller, diskorom, datarom for surfing/speling, kiosk og det arrangerast ulike konkurransar. Med ujamne mellomrom arrangerast det og aktivitetar andre stadar, for eksempel i samarbeid med MAKs.

Kvalen vart frå hausten 2018 driven av ein kommunalt tilsett i ein udefinert stillingstorleik. I tillegg til voksenperson frå kommunen som organiserer det meste av aktiviteten, er det ytterlegare to vaksne involvert som frivillige vakter og hjelparar. Resten av vaksenvaktene fordelast på føresette i 8. klasse. Det er og frivillige blant ungdommane som styrer kiosk og anna på kvalkveldane; 20 ungdommar fordelt på 4 crew som då er på arbeid kvar sine fredagar. Torsdagar brukar Harøy Seniordans lokalet, dei leiger gratis mot at dei har ansvar for at lokalet vert vaska, dette fungerer bra.

Lokala på Kvalheim blir i stadig dårlegare forfatning, og ein vonar at dette kan verte eit prioritert område.

## **MAKS**

Maritimt aktivitetssenter, MAKs, vert og driven på frivillig basis. Stor innsats er lagt ned av dei frivillige for å kunne gje barn og unge opplæring i bruk av utstyret og tryggleik rundt det, samt koordinere bruken av anlegg og utstyr.

Anlegget vert brukt av skuleklassar og enkeltpersonar, både barn og vaksne. MAKs deltok med aktivitet under 150 årsjubileet. Utan eldsjelene hadde ikkje senteret og aktiviteten her vore gjennomførbar.



## **Brukar og innbyggjar**

Innsatsen som vert gjort i frivillige lag og organisasjonar er av uvurderleg verdi for kulturlivet i Sandøy kommune. Vi har eit allsidig foreningsliv der mange eldsjeler gjer det mogeleg å gje innbyggjarane eit godt tilbod innan både musikk, idrett og fysisk aktivitet, song og anna gjennom eigen aktivitet eller som publikum.

Kommunen prøver å forvalte desse initiativa og dugnadsånda ved økonomisk og organisatorisk støtte eller på andre måtar å legge til rette for aktiviteten i lag og organisasjonar. Kommunen bidreg i form av å stille med lokale til for eksempel Ungdomsklubben Kvalen, yte driftsstøtte og prosjektstøtte og å gå inn som eigar av anlegg og bygningsmasse som for eksempel med idrettshall, gymsal og Håp i Havet.

Det har lenge vore drøfta å etablere frivilligsentral i Sandøy kommune, og dette er med i budsjettet for 2019. Det skal lysast ut stilling som koordinator for frivillighet og aktivitetar for barn og unge. Koordinering av aktivitetar for barn og unge inneber eit særskilt ansvar for å støtte og trygge frivillig aktivitet på dei kommunalt eigde tiltaka MAKs og Kvalen. At frivilligkeit og dugnadsånd framleis står så sterkt i kommunen er ein viktig ressurs når vi no skal gå inn som ein del av ei større kommune samtidig som vi vil ta vare på det som er særeigent for oss.

## **Medarbeidar og arbeidsmiljø**

Ny einingsleiar hadde oppstart i stillinga 02.01.18, og ny biblioteksjef frå 01.08  
Vi har godt kvalifisert og engasjert personale i alle tenestene.

Medarbeidarundersøkinga hausten 2017 viste at eininga har fleire område vi må arbeide målbevisst for å forbetre. Spesielt på skulen har vi hatt utfordringa. Det vart sett inn fleire tiltak mellom anna har rådmann og einingsleiar fulgt tettare opp skulen, ein har fått rettleiing frå Utdanningsdirektoratet sitt veilederkorps.

Fleire tilsette i eininga har delteke i ulike styrings- og faggrupper i arbeidet med Nye Ålesund. Dette har i periodar krevd mykje ekstra av dei tilsette.

## Prioriterte tiltak for 2018

Folkehelse	Bibliotek	Ungdomsklubb	Musikkskule
<ul style="list-style-type: none"><li>• Støtte til lag og organisasjon</li><li>• Språkkafe</li><li>• Frivillighet</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Skulebiblioteket skal auke leselyst til elevane</li><li>• Folkebiblioteket skal lage ein plan for å auke interesse og aktivitet</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Auke aktiviteten til Kvalen ungdomsklubb</li><li>• Undersøke ny lokalisering av ungdomsklubben</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Auke aktiviteten i musikkskulen og korps ved rekruttering</li><li>• Markeing kulturskolen 40 år</li></ul>

## Status og oppfølging

### Folkehelse

- Språkkafe har vorte sporadisk organisert i regi av bibliotek. Besøket har vore varierande og ein har ikkje heilt opplevd at det har innfridd forventningane til omfanget av norsktalande besøkande.
- Støtte til lag og organisasjoner har vorte utbetalet etter retningslinene.
- Frivilligsentral har vorte utreda og er med i 2019-budsjettet..

### Bibliotek

- Skulebiblioteket har svært høg oppslutnad og utlån. Hausten 2018 har funksjonen biblioteket skal ha som møteplass vorte vektlagt. Dette er nok med på å auke utlånet og leselysta.
- Vi fekk ny bibliotekssjef i september. Ho konstaterte raskt store forskjellar i oppslutnad om folkebiblioteket i forhold til skulebiblioteket. Det vil arbeidd for å auke interessa for og aktiviteten i folkebiblioteket.


### Ungdomsklubb

- Vi har nådd målet om stabilt høge besøkstal og aktivitet i ungdomsklubben Kvalen. Ein må framover arbeide for at dette vedvarer ved å sikre kvaliteten på tilbuddet og vere aktuell for ungdommiane.
- Ein har ikkje lukkast i å finne nye lokaler for Klubben. Det gamle rådhuset, skulekjellaren og gamlebyggete i barnehagen har vore lansert som tre moglegheiter. Dette bør avklarast i 2019.

### Musikkskule

- Det har vore arbeidd med auka rekruttering til musikkskulen og korps, men ein ser at spesielt korpsmiljøet slit med rekrutteringa. Sandøy tek likevel med seg ein aktiv kulturskule med særskilt høg deltaking i målgruppa med seg inn i nye Ålesund.

### 7.3 NAV, rus og sosiale teneste



**Nøkkeltal frå dei 5 samanslåingskommunane og akkumulert Nye Ålesund (Kostra-tal publisert 15.03.19, førebels for 2018)**

Netto driftsutg. per innbygger 242, råd veiledning og sos. Forebyggende arbeid	2015	2016	2017	2018
Nye Ålesund	768	925	930	914
Sandøy	435	754	1 247	1 187
Ålesund	827	922	918	905
Haram	548	845	612	717
Skodje	559	1 287	1 426	1 185
Ørskog	1 061	656	1 311	1 220
Kostragruppe 05	805	968	1 097	1 118

Netto driftsutg. per innbygger 281, økonomisk sosialhjelp	2015	2016	2017	2018
Nye Ålesund	623	605	612	683
Sandøy	76	186	26	210
Ålesund	671	655	649	738
Haram	491	306	312	310
Skodje	501	640	766	857
Ørskog	700	944	1 080	951
Kostragruppe 05	519	595	584	726

Netto driftsutgifter per innbygger har auka dei siste 3 åra. Delar av dette skuldast busetting av flyktningar som er ein del av denne statistikken. Kommunen er nokså nær kostragruppe 05 og dei minste kommunane av samanslåingskommunane. Økonomisk sosialhjelp har vore låg i kommunen dei siste 4 åra. Her ligg kommunen langt under både samanslåingskommunane og kostragruppe 05.

Gj.snittleg stønadslengde for mottere med sosialhjelp som hovedinntekt (mnd)	2015	2016	2017	2018
Nye Ålesund	-	-	-	-
Sandøy	2,3	2,3	1,1	1,3
Ålesund	5,5	5,5	5,4	5,5
Haram	3,4	3,9	3,2	3,9
Skodje	4,3	4,4	3,9	4,7
Ørskog	3,8	4,0	4,1	4,2
Kostragruppe 05	-	170,5	-	176,3

Brutto driftsutg. til økonomiske sosialhjel pr. mottaker	2015	2016	2017	2018
Nye Ålesund	33 337	31 367	34 277	37 666
Sandøy	14 556	18 077	5 000	28 889
Ålesund	33 092	31 584	33 159	35 888
Haram	43 336	29 211	26 483	29 406
Skodje	28 576	30 727	56 402	72 908
Ørskog	28 386	36 117	33 534	28 919
Kostragruppe 05	25 137	27 854	26 521	33 289

Brutto driftsutgift til økonomisk sosialhjelp per mottaker viser eit lågare nivå for Sandøy kommune. 44,4% av mottakarane har sosialhjelp som hovudinntektskilde. Dette er høgare enn kostragruppe 05 som har 35,1%. NAV Sandøy har i fleire år hatt fokus på å rådgjeving og arbeidsretta tiltak. Dette gjenspeglar seg også i statistikken. Sandøy kommune har lågast gjennomsnittleg stønadslengde samanlikna med samanslåingskommunane. Tenesta er jobbar systematisk og godt med brukerane og sett inn tiltak tidleg.

## Økonomisk resultat 2018

KOSTRA Funksjon	Rekneskap 2017	Budsjett 2017	Rekneskap 2018	Budsjett 2018	Budsjett 2018 (justert)	Avvik
242 Sosial rådgjeving og veiledning	552	481	674	845	845	171
243 Tilbod til personar med rusproblem	-	32	31	37	37	6
244 Barneverneneste	969	894	744	801	741	-3
251 Barnevernstiltak når barnet ikke er plassert av barnevernet	62	310	45	155	155	110
252 Barnevernstiltak når barnet er plassert av barnevernet	341	255	38	238	238	200
276 Kvalifiseringsordningen	-	-	-	3	3	3
281 Ytelser til livsopphold	9	164	84	178	178	94
325 Tilrettelegging og bistand for næringsliv	47	95	74	-	-	-74
<b>Totalt</b>	<b>1 979</b>	<b>2 231</b>	<b>1 690</b>	<b>2 257</b>	<b>2 197</b>	<b>507</b>

\*tal i heile tusen

Område 4 hadde eit samla mindreforbruk på kr. 507.111 i 2018.

Sosiale tenester hadde eit mindreforbruk på 0,2 mill. kroner knytt til lågare løn og stønad til livsopphald. Barnevernet hadde eit mindreforbruk på 0,3 mill. kroner. Mindreforbruket skuldast i hovudsak mindre forbruk på barnevernstiltak i forhold til budsjettet.

## Tenester

Obligatoriske tenester som ligg til NAV-kontoret:

- Statlege tenester retta mot arbeid og aktivitet.
- Kommunale tenester heimla i Lov om sosiale tenester i NAV:  
økonomisk sosialstønad, råd og rettleiing, økonomisk råd og rettleiing, midlertidig bustad m.m.

Kommunale tenester som ikkje er obligatorisk, men som kommunen har lagt til NAV-kontoret:

- Barnevern - fram til 31.8.18. Frå 1.9.18 kjøper kommunen desse tenestene frå Ålesund kommune (vertskommune).
- Rus
- Delar av kommunalt næringsfond
- Husbanken sine låne- og tilskotsordningar
- Bustønad

Krava som vert stilt til utføring av tenestene, har vore oppfylt. Vi har balansert målstyring på dei statlege oppgåvane. Måloppnåing på indikatorane vi vert målt på, har vore gode. Dei kommunale tenestene har vore utført innan gjeldande fristar.

Av sosiale tenester, har arbeidet med økonomisk rådgjeving/gjeldsrådgjeving krevd mest ressursar.

Etter at Ålesund kommune vart vertskommune for vår barnevernteneste frå 1.9.2018, har vi ikkje fått negative tilbakemeldingar på måten barnevernet i Ålesund har utført denne tenesta på. Tilbakemeldingane vi har fått, har vore positive.

## Brukars og innbyggjar

Vi har ikkje mottatt serviceklagar på våre tenester i 2018. Det vart ikkje gjennomført brukarundersøkingar i 2018.

Brukarmedverknad vert gjort ved at vedtak ikkje vert fatta utan at brukaren har delteke i si eiga sak.

For å betre servicen og tenestene til brukarane, har vi redusert ad hoc samtalar og auka planlagte førehandsavtalte samtalar.

Vi har regelmessige møte med integreringstenesta i kommunen vedk. brukarar som er i introduksjonsordninga for flyktninger.

Brukarutval har vi ikkje fått etablert enda. Vi arrangerer 2 faste årlege møte for næringslivet i kommunen i samarbeid med Sandøy Næringslag. Hovudtema på møta er sjukefråværsoppfølging, men også andre aktuelle tema vert teke opp.

## Arbeidsmarknaden i kommunen i 2018

Talet på heilt arbeidsledige i kommunen har stort sett vore stabilt gjennom heile året. Ved utgangen av 2017 var det 12 heilt arbeidsledige, dvs. 1,6%. Ved utgangen av desember 2018 var det 13 heilt arbeidsledige, dvs. 2%.

### Medarbeidar og arbeidsmiljø

Fram til 31.8.18 var det 2 kommunale stillingar i kontoret. Frå 1.9.18 vart dette redusert med 1 stilling i samband med at barnevernstenesta vart fasa ut av kontoret.

Sjukefråværet har vore lågt – berre eigemeldt fråvær. Arbeidsmiljøet i kontoret vert opplevd som godt.


### Prioriterte tiltak for 2018

Barnevern	Forebyggande arbeid	Vanskelegstilte i fokus	Samhandling og utvikling
<ul style="list-style-type: none"><li>God og tett oppfølging - tiltak som nyttar</li><li>Vurdere organisering</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>Oppfølging av peronar under 30 år</li><li>Fleire i arbeid og færre på trygd</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>Fokusere på å betre levevilkåra for vanskelgstilte</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>Samhandling med andre kommuner og eininger</li><li>HMS</li><li>Økonomikontroll</li></ul>

### Status og oppfølging

- Barnevernet** vart fasa ut frå 1.9.18.
- Oppfølging av ungdom og personar under 30 år** har hatt hovudprioritet. Alle i denne målgruppa som har søkt hjelp, har fått det.
- Få fleire over frå passivitet til aktivitet.** Dette er eit kontinuerleg arbeid. Vi har lykkast godt med dette arbeidet også i 2018.
- Betre levekåra for vanskelegstilte.** Dette er eit kontinuerleg arbeid. Ved søknad om sosialstønad, har barn sine behov vore spesielt prioritert.
- Samarbeid med lokalt næringsliv.** Også i 2018 gjennomførte vi 2 samlingar. Vi har fått positive tilbakemeldingar frå næringslivet vedk. desse samlingane. Dei meiner det er viktig at vi held fram med desse samlingane.
- Økonomikontroll.** Vi har hatt god kontroll på økonomien.
- Samarbeid med kommunen om brukarar i introduksjonsordninga.** Vi har hatt faste samarbeidsmøte annakvar veke. Samarbeidet har fungert godt.
- HMS.** Dette arbeidet har vi hatt fokus på også i 2018. I forhold til sikkerheit, vert kontoret stengt dersom berre ein person er på jobb. Ved ope kontor, skal det alltid vere 2 til stades.
- Opprettning av nye NAV Ålesund frå 1.1.2020.** Arbeidet med dette har vi deltatt aktivt i. Det har gått med mykje tid til dette arbeidet i 2018. Arbeidet vil halde fram i 2019.

## 7.4 Helse- og omsorgsteneste



**Nøkkeltal frå dei 5 samanslåingskommunane og akkumulert Nye Ålesund (Kostra-tal publisert 15.03.19, førebels for 2018)**

Netto driftsutgift pr innbygger, F254 Helse og omsorgsteneste til hjemmebeboende	2015	2016	2017	2018
Nye Ålesund	7 986	8 323	8 901	11 116
Sandøy	5 762	6 123	5 989	7 992
Ålesund	8 329	8 610	9 011	12 015
Haram	7 503	8 255	10 037	10 039
Skodje	8 395	8 028	8 078	8 740
Ørskog	5 088	5 668	5 734	5 902
Kostragruppe 05	6 869	7 156	7 356	7 656

Netto driftsutgift pr innbygger, F253 Helse og omsorgsteneste i institusjon	2015	2016	2017	2018
Nye Ålesund	7 199	7 563	7 789	8 253
Sandøy	9 676	9 769	9 619	7 688
Ålesund	7 380	7 796	8 308	8 901
Haram	6 921	7 158	6 594	6 985
Skodje	5 147	5 658	5 327	5 584

Ørskog	6 912	6 857	6 516	7 043
Kostragruppe 05	7 747	7 908	8 248	8 288

Netto driftsutgift pr innbygger, F234 aktivisering og servicetj. Eldre og personer med nedsatt funksjonsevne	2015	2016	2017	2018
Nye Ålesund	915	958	1 176	1 156
Sandøy	448	289	1 069	1 373
Ålesund	969	1 049	1 200	1 190
Haram	281	330	313	335
Skodje	1 957	1 738	3 043	2 792
Ørskog	1 060	1 054	1 140	961
Kostragruppe 05	499	424	618	614

Helse- og omsorgstenesta har endra drifta siste åra og frå 2017 til 2018 gjenspeglar dette seg også tydeleg i statistikken. Driftsutgifter til institusjon per innbygger er redusert, medan utgifter til heimebuande er auka. Alle tabellane er justert for utgiftsbehovet til kommunen, og Sandøy driftar rimelegare enn kostragruppe 05, bortsett frå tjenester til aktivisering og servicetenester til eldre og personar med nedsatt funksjonsevne. Denne delen av tenesten har vore i fokus og ein har arbeidd med å auke antal plassar mot auka tilskot frå staten.

Andel innbyggere 80 år og over i bustad med heldøgns bemanning	2015	2016	2017	2018
Nye Ålesund				
Sandøy	2,0 %	1,1 %	2,2 %	11,0 %
Ålesund	2,8 %	3,0 %	3,2 %	3,5 %
Haram	1,7 %	1,3 %	5,9 %	4,6 %
Skodje	0,0 %	4,2 %	3,6 %	0,0 %
Ørskog	3,6 %	3,9 %	7,6 %	7,2 %
Kostragruppe 05	4,2 %	3,8 %	5,1 %	4,7 %

Mottakere av hjemmetenester per 1000 innbyggere	2015	2016	2017
Nye Ålesund	39	37	39
Sandøy	51	53	56
Ålesund	37	37	39
Haram	48	40	42
Skodje	25	26	28
Ørskog	48	43	45
Kostragruppe 05	57	54	56

\*SSB mangler data frå base i 2018

Tabellene over viser effekten av bukollektiv og den aldrande befolkninga i kommunen. Det er aukande andel med heildøgnsbemanning i bustad på dei over 80 år, og andelen av mottakarar av heimeteneveste har også auka jamt siste åra. Sandøy kommune har høgast andel samanlikna med samanslåingskommunane og er likt med kostragruppe 05. Helse- og omsorgstenesta har over fleire år systematisk tilpassa og førebud tenesta på endringa i behovet til innbyggerane i kommunen.

## Økonomisk resultat 2018

KOSTRA Funksjon		Rekneskap 2017	Budsjett 2017	Rekneskap 2018	Budsjett 2018	Budsjett 2018 (justert)	Avvik
120	Administrasjon	-	-	1	-	787	786
202	Grunnskule	783	786	1 383	342	1 288	-95
231	Aktivitetstilbod barn og unge	212	99	119	103	103	-16
232	Førebyggi. - skule og helsestasjonsteneste	788	1 195	972	1 348	1 348	376
233	Førebyggi. arbeid, helse og sosial	-133	296	299	258	518	219
234	Aktiviserings- og servicetjenester overfor eldre og personer med funksj.nedsette	1 749	432	2 419	719	2 932	513
241	Diagnose/behandling/rehabilitering	594	543	1 059	1 268	1 369	310
253	Helse- og omsorgstjenester i institusjon	17 751	18 140	13 710	17 977	8 531	-5 179
254	Helse- og omsorgsjenester til hjemmeboende	11 009	13 723	14 015	14 541	18 980	4 965
256	Tilbud om øyeblikkelig hjelp døgnopphold i kommunen	614	-	691	-	700	9
261	Institusjonslokaler	331	-	361	-	-	-361
265	Kommunalt disponerte bustader	-	-	-395	-	-	395
<b>Totalt</b>		<b>33 699</b>	<b>35 214</b>	<b>34 635</b>	<b>36 556</b>	<b>36 556</b>	<b>1 921</b>

\*tal i hele tusen

## Økonomi

Resultat for 2018 viser mindreforbruk på kr 1 954 000. Dette skuldast noko lågare drift enn ønska grunna vakanse og nokon større inntekter knytt til omsøkte tilskot.

Rekruttering av kvalifisert helsepersonell er ikkje på ønska nivå, og det er plan å sett i verk ulike tiltak for å auke rekruttering.

## Tenester

Prioriterte tiltak i tenesta har vore å følgje opp bygge- og organisasjonsutviklingsprosjektet Sandøytunet- tenester der folk bur. Hovudfokus er gode tenester for brukarar/ pasientar.

I overkant av 30 personar har i løpet av året skifta bustad med bistand frå tenesta. Dette har vore krevjande prosessar for alle involverte.

«Kva er viktig for deg dagen» vart gjennomført 6. juni 2018. Tilbakemelding frå brukarar var at det er viktig å få bu heime med hjelp, få naudsynt hjelp utan å måtte be om det, få anledning til å gå tur og få hjelp til å greie seg sjølv.

Alle tiltak har fokus på pasientanens helsetenester - tenester der folk bur - dette krev motiverte tilsette som står i arbeidet og har vilje til omstilling.

Velferdsteknologi og betre organisering av tenesta skal frigje ressursar til dei pasientane som treng det mest. Sentrale funn er



mellan anna at velferdsteknologi gjev auka tryggleik for brukarar, betre kvalitet i tenestene, oppleving av meistring og sjølvstende for tenestemottakar, omsorgskapasitet og bærekraft i kommunane, er fallførebyggande og gjev tilsyn ut frå faktiske behov som oppstår. Det har teke noko lengre tid enn forventa å ta i bruk ny teknologi. Mangel på tillit til det som er anskaffa er og ei utfordring for tilsette og leiing.

Nye rutinar og forventingar til tenesta er arbeidd med. Dette må det bli arbeidd vidare med i eigne arbeidsgrupper nedsett til dette arbeidet.

## **Brukar og innbyggjar**

I folkehelsearbeidet har fokus vore å vidareføre godt etablerte tiltak. Aktivitetsveka 2018 hadde fokus på fysisk aktivitet og sosialt fellesskap. Fredagsturen gjekk til folkehelseområdet på Haramsøya, vel 70 barn og unge deltok.

Skulemat i Harøy skule har i 2018 tilbod til elevar og tilsette 5 dagar i veka. Fokus er eit godt måltid og sosialt fellesskap, vidare utjamning av ulikskap knytt til ernærings/ skolemåltidet.

Helsestasjonstenesta har vidareført «alle har ei psykisk helse» (barnehage og skule) med fokus på meistring.

Verdensdagen for psykisk helse vart markert i Sandøyhagen som ope møte med tema « Vær raus». Prosjektet « Kva er viktig for oss? » har fokus på foreldrerolla. Tiltaka er i hovudsak arbeidd med i ordinær organisasjon. Det er ikkje gjennomført meir enn eit fellesmøte i prosjektgruppa, grunna stort arbeidspress og omstillingskrav. I einingane har vi arbeidd godt med tiltak for å styrke foreldrerolla.

Helse- og omsorg har også i 2018 hatt MOT instruktør. Satsinga er MOT i skulen der ein har gjennomført tiltak i 8.-10. klasse etter plan. Det er eit ønske at skulen vidareføre denne satsinga med ressursar nær elevane. Instruktør har delteke på regionsamling på Hell, samling i Ålesund med skulering av MOT informatørar, samt distrikssamling i Haram.

Frå mai 2018 starta vi opp med tverrfalleg helseteam som har møte 2. gongar i veka. Her deltek kommunelege/ tilsynlege og turnuslege saman med helsepersonell i helse- og omsorgstenester. Det er eit mål å betre pasientflyt og kvalitet på pasientforløp – betre opplevd brukarkvalitet. Tiltaket er under utvikling, men kan sjå ut til å vere eit godt bidrag til betre forløp og styrking av læring i organisasjonen. Tverrfagleg helseteam har erstatta dei ordinære legevisittar.

Tenestene er ytterlegare dreia med fokus på heimebuande ved innflytting i bufellesskap i juni 2018. Bufellesskap er organisert under heimetenestene.

Kommunefysioterapet har tilbod om «Sprett gruppe» i Harøy barnehage, og «Musikk og trening gjev mening» i samarbeid med musikkterapeut.

Musikkterapeut gjev tilbod i dagaktivitetstilbod, på sjukeheim og i heildøgnomsorgstenester. Tilbod om musikkterapeut er eit område som vil vere bra for brukarar å få ei auka tilbod. Musikkterapeut har i 2018 20% stilling og gjev tilbod både på gruppe- og individnivå.

## Medarbeidar og arbeidsmiljø

Det er gjennomført arbeidsmiljøkartleggingar som har resultert i handlingsplan for HMS-arbeidet for 2019. Det er veklagt at det er siste året som eigen kommune, og tiltaka er prega av felles forståing av utfordringsbilda for eininga.

Det er utført kartlegging om ønske om jobbrotasjon, arbeidstidsordningar på helg og høgtid og høve til å vurdere langvakter i tenesta.

Det er gjennomført ulike kompetansehevande tiltak, mellom anna:

- to tilsette har fått fagbrev i helsefagarbeidarfaget
- tre tilsette har gjennomført vidareutdanning i lindring (palliasjon) for demente
- ein tilsett har teke vidareutdannig i velferdsteknologi
- tre tilsette er under utdanning i sjukepleie
- ca 40 gjennomførte velferdsteknologiens ABC
- e-læring i medikamenthandtering for tilsette
- to tilsette har delteke i KS-satsinga heilskaplege pasientforløp

I januar tok vi i bruk nytt arbeidsplanverktøy (GAT). Helse og omsorg hadde prosjektleiing for heile kommunen. Tilsette har teke imot verktyet godt.

Medarbeidarane har no oversikt over vaktplan, fråvær og fritid på eigen pc eller mobiltelefon. Verktyet bidrar til større friheit og oversikt for tilsette og meir styring og kontroll for arbeidsgjevar.


Tilsette i eininga samarbeider godt med dei vidaregåande skulane, og vi tek imot både vg 1 og vg 2 elevar til praksisutpllassering. Tilsette har delteke på rekrutteringstiltak knytt til universitetet i Ålesund.



## Prioriterte tiltak i 2018

Sandøytunet tenester der folk bur	Pasientforløp - folkehelse	Digitalt førstevål og kompetanseheving
<ul style="list-style-type: none"><li>• Følgje opp byggeprosjektet</li><li>• OU prosess og prioriterte tiltak: endringskompetanse, samskaping , tenester for innbyggjarar, omlegging frå sjukeheim til heimebuande, trygge tenester, rett person på rett plass, pasientsentrert omsorg, "Kva er viktig for deg?"</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Modell for primærhelseteam</li><li>• Demensteam</li><li>• Hjertesjukepleiar, prosjekt 2 år</li><li>• Opplæring og implementering</li><li>• Førebyggjande heimebesøk eldre over 75 år</li><li>• Eldre kronisk sjuke</li><li>• Palliativplan</li><li>• Kvardagsrehabilitering</li><li>• Skulemat/ kantine tiltak i Harøy skule.</li><li>• Alle har ei psykisk helse - satsing i barnehage og skule</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Digitalt førstevål; ei registrering, velferdsteknologi</li><li>• Nytt planverktøy for tilsette</li><li>• Kurs: bruk av e-post for tilsette, medikamenthandtering og samtykkekompetanse, bruk av tvang, hjerte lunge redning (HLR), førstehjelp</li><li>• Velferdsteknologien ABS for 25 tilsette</li><li>• Kortare komptansehevande tiltak innan demens, eldre og aldring, palliasjon, førebygging, velferdsteknologi, bruk av fagsystem</li><li>• Utanningsstøtte for tilsette</li></ul>

## 7.5 Teknisk teneste



**Nøkkeltal frå dei 5 samanslåingskommunane og akkumulert Nye Ålesund (Kostra-tal publisert 15.03.19, førebels for 2018)**

Netto driftsutgift til brann og ulykkesvern F338 og F339	2015	2016	2017	2018
Nye Ålesund	53 751	64 484	64 129	67 785
Ålesund	41 304	48 512	47 303	49 999
Sandøy	2 166	1 979	1 636	1 649
Haram	5 203	7 944	8 877	9 151
Skodje	2 783	3 199	3 066	3 500
Ørskog	2 295	2 850	3 247	3 486
Kostragruppe 05	64 683	79 292	75 037	84 213

Samferdsel, netto driftsutgifter per innbygger	2015	2016	2017	2018
Ålesund	231	315	275	716
Sandøy	1 157	1 340	1 460	1 533
Haram	1 053	1 029	761	1 023
Skodje	584	772	771	849
Ørskog	1 555	1 776	1 530	1 809

Kostragruppe 05	2 070	2 244	2 222	2 458
-----------------	-------	-------	-------	-------

Netto driftsutgifter til brann og ulykkesvern har vore låg dei siste åra i Sandøy kommune og er ein av dei lågaste samanlikna med dei andre kommunane og Nye Ålesund. Netto driftsutgifter til samferdsel har auka jamt dei siste 4 åra. Sandøy kommune har høgast utgift per innbyggjar samanlikna med dei andre samanslåingskommunane, men er noko lågare enn kostragruppe 05.

Andel km tilrettelagt for syklende i prosent av kommunale veier	2015	2016	2017	2018
<b>Nye Ålesund</b>				
Ålesund	36,8 %	36,6 %	36,1 %	36,1 %
Sandøy	16,7 %	16,7 %	16,7 %	16,7 %
Haram	15,8 %	7,8 %	7,8 %	11,7 %
Skodje	6,5 %	6,5 %	6,3 %	0,0 %
Ørskog	14,6 %	14,6 %	14,6 %	0,0 %
Kostragruppe 05	7,6 %	9,6 %	9,6 %	9,6 %

Andel fornyet kommunalt ledningsnett, gj.snitt siste 3 år	2015	2016	2017	2018
<b>Nye Ålesund</b>				
Ålesund	0,8 %	1,0 %	1,0 %	0,9 %
Sandøy	1,0 %	2,3 %	3,5 %	4,5 %
Haram	0,5 %	0,5 %	0,0 %	0,2 %
Skodje	1,2 %	1,1 %	1,1 %	1,2 %
Ørskog	0,1 %	0,1 %	0,2 %	0,4 %
Kostragruppe 05				

Det har ikkje vore utvida tilgang for syklande i kommunen siste åra i kommunen, men samanlikna med dei andre kommunane har Sandøy ein nokså høg andel i prosent. Kommunen har hatt utsifting av eternittrør på investeringsprogrammet over fleire år. Dette ser ein igjen i statistikken som viser ein aukande og høg andrel av fornya ledningsnett samanlikna med dei andre kommunane.

## Økonomisk resultat 2018

KOSTRA Funksjon	Rekneskap 2017	Budsjett 2017	Rekneskap 2018	Budsjett 2018	Budsjett 2018 (justert)	Avvik
120 Administrasjon	1 480	1 630	410	1 647	1 647	1 237
121 Forvaltningsutgifter i eiendomsforvaltning	128	-	437	-	-	-437
130 Administrasjonslokaler	403	366	245	403	403	158
221 Barnehagelokaler og skyss	376	803	842	824	824	-18
222 Skulelokaler	2 658	2 348	2 784	2 296	2 296	-488
231 Aktivitetstilbod barn og unge	33	-	38	-	-	-38
234 Aktiviserings- og servicetjenester overfor eldre og personer med funksj.nedsette	-6	36	27	36	36	9
241 Diagnose/behandling/rehabilitering	2	-	-	-	-	-
242 Sosial rådgjeving og veiledning	4	-	3	-	-	-3
261 Institusjonslokaler	1 126	1 330	1 537	1 403	1 403	-134
265 Kommunalt disponerte bustader	-1 355	-1 675	-1 145	-1 712	-1 559	-414

285	Teneste utanfor ordinært kommunalt ansvarsområde	-743	-599	-177	-610	-610	-433
301	Plansaksbehandling	238	174	266	174	174	-92
302	Byggesakshandsaming og eigarseksjonering	3	343	114	362	362	248
303	Kart og oppmåling	289	64	161	100	100	-61
315	Bustadbygging og fys.miljøtiltak	3	150	-2	153	-	2
325	Tilrettelegging og bistand for næringsliv	-23	-	-22	-	-	22
329	Landbruk og landbruksbasert næring	181	-	185	178	178	-7
330	Samferdsle/transporttiltak	91	37	15	39	39	24
332	Kommunale veier	930	1 053	1 043	1 160	1 160	117
335	Rekreasjon i tettstad	31	2	32	1	1	-31
338	Førebyggjing av brann og andre ulykker	-13	-84	32	-14	-14	-46
339	Beredskap mot brann og andre ulykker	1 497	1 453	1 457	1 590	1 590	133
340	Produksjon av vatn	57	-	-	-	-	-
345	Distribusjon av vatn	-57	-	719	-	-	-719
353	Avløpsnett/innsamling av avløpsvatn	239	-92	573	-124	-124	-697
355	Innsamling av forbruksavfall	2	-	-	-	-	-
360	Naturforvaltning og friluftsliv	-3	216	-4	38	38	42
380	Idrett og tilskudd til andres idrettsanlegg	-	61	-	-	-	-
381	Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg	33	-	93	62	62	-31
<b>Totalt</b>		<b>7 604</b>	<b>7 617</b>	<b>9 665</b>	<b>8 006</b>	<b>8 006</b>	<b>-1 659</b>

\*tal i heile tusen

Eininga har eit meirforbruk på 1 661 321.- Dette skuldast i hovudsak lågare husleigeinntekter enn budsjettet, reparasjon av traktor, brøyteberedskap, større vedlikehald av bygg, større straumutgifter og meir vedlikehald på vassforsyning enn det som var budsjettet. Vi ser ei klar utvikling med aukande hærverk i skulebygget, og det medfører auka utgifter til vedlikehald.

Dei største avvika ligg på vatn og avløp på til saman 1 415 000.-, der det store vassledningsbrotet på Steinshamn er største enkeltårsak. Når sjølvkostområder går i minus, blir dette dverre belasta kommunekassa, men ut frå sjølvkostreglane får vi dei neste åra dekt dette inn igjen ved auka gebyr for tenestene.

## Tenester

Når vi har mange store prosjekt i gang, samtidig som bemanninga har vore låg og svært bundne opp i kommunereforma, og det er ikkje til å unngå at det går ut over tenestene, og opplevd kvalitet for dei som ynskjer bistand frå teknisk.

## Brukar og innbyggjar

Med opning av høgdebasseng og utskifting av eternittleidningane er det ikkje tvil om at kommunen si vassforsyning no er betre enn den nokon gong har vore. Eit så kratig løft over relativt få år kostar, men er naudsynt for å sikre at ei så kritisk viktig teneste er i trygge og driftssikre anlegg.

## Medarbeidar og arbeidsmiljø

Medarbeidarundersøking haust 2017 viste fleire forbettingsområde for eininga. Leiar har saman med verneteneste kome fram til tiltak for å betre dette, og desse er iverksett. Det har

ikkje vore gjennomført oppfølgingsundersøking for å kontrollere om tiltaka har hatt ynskja effekt, men leiar sitt inntrykk er at det har blitt betra.

Det er ikkje tvil om at kommunereforma har spreidd uro og utryggleik for mange tilsette. Mykje vert nok uendra, men det ligg framleis ikkje føre plan for kvar dei tilsette skal arbeide. Alle stillingar i teknisk administrasjon og leiing i brannvesenet vil opphøyre i ny kommune, og må finne sin plass i ny organisasjon.

## Prioriterte tiltak for 2018

Folkehelse.,Prosjekt	Brannførebygging	Planarbeid
<ul style="list-style-type: none"><li>• God prosjektstyring</li><li>• Investeringsflyt i samsvar med vedteke investeringsprogram</li><li>• Utskifting av vassleiingar</li><li>• Prosjekt innan idrettsanlegg</li><li>• Samordne utleigesatsar på kommunale bygg. (eks. bustader)</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Ny brannordning</li><li>• Førebyggande aktivitetar, særleg retta mot unge og utsette grupper</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Bygge- og delingssaker</li><li>• Regulariseringsplanar</li></ul>

## Status og oppfølging

### Prosjektstyring

- Fleire store prosjekt har kravd mykje av eininga i 2018. Sandøyutnet, høgdebassenget, Måsvikremma og bustadprosjektet er dei største. Med so låg bemanning og stort arbeidspress er det krevjande å halde god styring på alle prosjekt.

### Kommunereform

- Teknisk administrasjon har nok samla sett brukt om lag like mykje ressurs til kommunereform som til eiga drift i 2018, inkludert den tida leiar var 50% i nye Ålesund sin prosjektstab.

### Brannførebygging

- Det er gjennomført 6.klasseopplæring, barnehagebesøk og open brannstasjon i 2018.



Dagens brannstasjon



Brannøving